

Vaksdal kommune



Rådmanns framlegg til Budsjett 2016

Innhold

Innhold.....	2
Forord frå rådmann.....	3
Formelle forhold knytt til årsbudsjett og økonomiplan.....	5
Statsbudsjettet 2016 – Kommuneøkonomi.....	6
Hovudliner frå Økonomiplan 2016 – 2019.....	8
Økonomi – føresetnader i økonomiplan.....	11
Budsjett 2016.....	14
Investeringar.....	19
Fond.....	25
Organisasjonen og kommunen som tenesteytar.....	26
Strategiske val og endringar i drifta.....	31
Vedlegg 1. Tenesteområde, einingar og fellesområde.....	32
Oppvekst.....	32
Helse og omsorg.....	38
Samfunnsutvikling.....	45
Felles økonomi.....	48
Vedlegg 2. Kostra.....	50
Vedlegg 3: Kriteriedata Vaksdal kommune.....	52

Forord frå rådmann



Rådmannen legg med dette fram framlegg til budsjett for 2016.

Framlegget byggjer på kommunestyret sitt økonomiplanvedtak for 2016– 2019 og politiske vedtak, informasjon i statsbudsjettet og andre endringar i den økonomiske situasjonen for kommunen.

Folketalsutvikling og reduksjon i inntektene er hovudutfordringane for perioden. Prognoser for folketalsutviklinga viser at det blir færre barn og færre eldre og behovet for kommunale tenester vil bli redusert. Den kommunale organisasjonen vil måtte tilpasse seg denne utviklinga. Samstundes skal kvaliteten på tenestene vedlikehaldast og utviklast og fokuset på førebygging og samfunnsutvikling styrkast. Økonomisk handlingsrom til å kunne investere i naudsynte tiltak for samfunnsutvikling er viktig, særleg med omsyn til folketalsutviklinga.

Inntektene blir redusert tilsvarende desse endringane i behovet. Statsbudsjettet vart lagt fram 07.oktober i år. Det har arbeid, aktivitet og omstilling som hovudbodskap. Me har ein uroleg økonomi med stort fall i oljepris og lågare inntekter til staten. Omstillingane kjem raskare enn forventa, og kommunane må også gjere sitt. Nedgang i folketal og svak skatteutvikling medfører ein berekna vekst i frie inntekter for Vaksdal kommune på 1%. Justert for endra ressursinnsats, auka pensjonskostnader, løns- og prisvekst betyr dette strammare rammer for kommunen i 2016.

Den varsla reduksjonen i kraftinntektene våre, både konsesjonskraft og eigedomsskatt, gjer seg no gjeldande for budsjettåret 2016 og for åra som kjem. I tillegg ser me at det er uro i finansmarknaden og me ser reduksjon i inntektene også frå finansforvaltninga.

Økonomiplanen 2016 – 2019 legg til grunn strategiske val og avgjerdsgrunnlag for heile organisasjonen i økonomiplanperioden. Budsjettet for 2016 vert handlingsprogrammet for år ein i denne fireårs perioden. Det er lagt opp til viktige avgjerder i løpet av året.

For helse- og omsorg går prosjektet «Lev Vel i Vaksdal – Meistring og deltaking heile livet» inn i forprosjektfasen. Prosjektet haustar brei merksemd og anerkjenning både regionalt og nasjonalt, men viktigare er at det er sentralt for å klare å tilpasse rett tenestetilbod til innbyggjarane i samsvar med dei rammar, krav og forventningar som til einkvar tid rår.

For oppvekst er det vedtatt framdriftsplan for debatt om framtidig skulestruktur. Her er det viktig å få fram ei nytenking rundt skulestruktur for både å sikre eit fagleg godt tilbod for elevane og ein effektiv skuledrift.

Innan tenesteområdet samfunnsutvikling er det store og viktige prosessar for folketalsutvikling og samfunnsutvikling: Rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel, Planstrategi, Tettaneset og forvaltning av eigedomsmassen vår. Tilstandsregistreringa av kommunale bygg er i gong og skal vere fullført til våren 2016. Allereie no er det klårt at sunn eigedomsforvaltning vil vere ei av dei store naudsynte satsingsområda for kommunen og at det er tale om store utfordringar for å nå målet, særleg for økonomi. På bakgrunn av dette arbeidet er det utarbeidd framlegg til Strategi for eigedomsforvaltning i kommunen. «Frå forfall til fornying». Den er meint å vere ein start fram mot endeleg strategi som kan vedtakast i samband med økonomiplan 2017 – 2020.

For framtidige vegval utover desse blir Kommunereforma eit viktig bakteppe. Den representerer sentrale problemstillingar for framtidig kommunestruktur og forventningar til lokaldemokrati og tenesteyting.

Budsjettframlegget legg opp til kostnadsreduksjon i samsvar med økonomiplanen 2016 -2019 og reduserte inntekter utover føresetnadene i den. Krav til tempo for å gjennomføre naudsynte kostnadsreduksjonar i samsvar med ramma er ei monaleg stor utfordring, det er opplevd press i tenestene og me har eit for høgt sjukefråvær. Ramma for tenesteområda er difor holdt i samsvar med føresetnadene i økonomiplanen, sjølv om inntektene er redusert ytterlegare.

Samla sett har kommunen framleis eit tenestetilbod som er høgare enn mange andre kommunar. Rådmannen opplever at Vaksdal kommune har eit godt tenestetilbod til sine innbyggjarar. Det er ein engasjert organisasjon, med dyktige tilsette, som er orientert mot utvikling. Det skjer mykje positivt, som gir grunnlag for eit godt omdømme og å vere stolte av eigen kommune.

Dette vil krevje arbeid og samarbeid på alle nivå hos administrasjonen og det vil krevje eit godt samarbeid mellom politisk nivå og administrasjonen. Me er godt på veg, og får me dette til, kjenner rådmannen seg sikker på at Vaksdal kommune framleis vil vere ein god kommune å bu og arbeide i.

Trine P. Grønbech

Rådmann

Formelle forhold knytt til årsbudsjett og økonomiplan

Det lovmessige grunnlaget for Økonomiplan finn ein i Kommunelova §44

1. *Kommunestyret og fylkestinget skal en gang i året vedta en rullerende økonomiplan.*
2. *Økonomiplanen skal omfatte minst de fire neste budsjettår.*
3. *Økonomiplanen skal omfatte hele kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og gi en realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventede utgifter og prioriterte oppgaver i planperioden. Planen skal være satt opp på en oversiktlig måte.*
4. *I økonomiplanen skal det for hvert enkelt år økonomiplanen omfatter anvises dekning for de utgifter og oppgaver som er ført opp, jf. § 46 nr. 6.*
5. *Planer som omfatter avgrensede deler av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, skal integreres i økonomiplanleggingen og bruken av midler innarbeides i planen.*
6. *Kommunestyret og fylkestinget vedtar selv økonomiplanen og endringer i denne. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet eller fylkesutvalget. Ved parlamentarisk styreform skal rådet avgi innstilling som nevnt.*
7. *Innstillingen til økonomiplan, med de forslag til vedtak som foreligger, skal legges ut til alminnelig ettersyn minst 14 dager før den behandles i kommunestyret eller fylkestinget. Dette gjelder likevel ikke ved innstilling som gjelder endringer i økonomiplanen.*
8. *Økonomiplanen og endringer i denne oversendes departementet til orientering.*

Kommunen skal etter Kommunelova §45 vedta eit budsjett for neste år innan utgangen av året.

Kommunelova § 46 seier følgjande om innhald i årsbudsjettet

1. *Årsbudsjettet er en bindende plan for kommunens eller fylkeskommunens midler og anvendelsen av disse i budsjettåret. I bevilgninger til formål kan det likevel gjøres fradrag for tilhørende inntekter. Kravet om budsjetthjemmel på utbetalingstidspunktet gjelder ikke for utbetalinger som kommunen eller fylkeskommunen er rettslig forpliktet til å foreta.*
2. *Årsbudsjettet skal omfatte hele kommunens eller fylkeskommunens virksomhet.*
3. *Årsbudsjettet skal være realistisk. Det skal fastsettes på grunnlag av de inntekter og utgifter som kommunen eller fylkeskommunen kan forvente i budsjettåret.*
4. *Årsbudsjettet skal være stilt opp på en oversiktlig måte. Kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringer, samt de målsettinger og premisser som årsbudsjettet bygger på, skal komme tydelig fram.*
5. *Årsbudsjettet skal være inndelt i en driftsdel og en investeringsdel.*
6. *Det skal budsjetteres med et driftsresultat som minst er tilstrekkelig til å dekke renter, avdrag og nødvendige avsetninger.*
7. *I årsbudsjettet kan det avsettes midler til bruk i senere budsjettår.*
8. *Departementet kan gi nærmere regler om årsbudsjettet og innstilling til årsbudsjettet. I disse reglene kan det stilles krav om oversikter over inntekter og utgifter for kommunens eller fylkeskommunens samlede virksomhet.*

Statsbudsjettet 2016 – Kommuneøkonomi

I Regjeringa sitt framlegg til Statsbudsjett for 2016 er det lagt inn ein reell vekst på 1,6% rekna frå anslag på rekneskap 2015. Den samla pris- og kostnadsveksten (deflator) er satt til 2,9 %, av dette utgjer lønsveksten 2,7%. Deflatoren er lagt til grunn ved prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerka tilskot i statsbudsjettet.

Det er rekna med ei nominell skatteauke på 7,4% frå 2014 og skatteøyret for kommunane vert auka til 11,8% i 2016 jf målsetjinga om at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vere 40%.

Det er lagt opp til ei auke i dei frie inntektene med om lag 4,2 mrd. Auke i inntekter skal dekke endra ressursinnsats i kommunane til:

- Endra kriteriedata og befolkning– meirutgifter som følgje av befolkningsutviklinga, mellom anna fleire eldre.
- Endringar i inntektssystemet
- Endring i fordeling av skjønstilskot, vektstilskot og distriktstilskot
- Pensjonskostnader – det er forventa at pensjonskostnadene for kommunane vil auke utover det som vert kompensert gjennom prisstigning av inntektene.
- Rusproblem og psykiske lidingar – auka satsing for å styrka dei kommunale tenestene til personar med rusproblem og personar med psykiske lidingar
- Helsestasjon- og skulehelsetenesta – auka satsing på helsestasjons- og skulehelsetenesta
- Meir fleksible barnehageopptak –meir fleksible barnehageopptak og redusert ventetida for å få barnehageplass
- Ny naturfagstime – det er framlegg om å auke timetalet i naturfag med 1 veketime på 5.-7.trinn frå hausten 2016

Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerka tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei vert 67 år. Kompensasjonsgraden blir foreslått vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagsnivået. Innslagsnivået for å få kompensasjon vert auka pr. brukar frå kr. 1043.000,- til kr. 1.081.000,- for netto utgifter i 2015. Denne auken i innslagsnivå er større enn på-rekna lønsvekst frå 2014 til 2015. Tilskotsordninga vert dermed stramma noko inn.

Døgnopphald – hjelp

Det blir ei plikt for kommunane frå 01. januar 2016 å tilby døgnopphald for personar med trong for hjelp med ein gong. Det har vore ei gradvis oppbygging for å sikre at kommunane skulle få tid til å bygge opp tenesta. Finansieringa av tenesta kjem frå 2016 gjennom rammetilskotet til kommunane, til saman om lag kr. 1,2 mrd. Tilskotet blir fordelt mellom kommunane etter delkostnadsnøkkel for pleie og omsorg i inntektssystemet.

Rentekompensasjon skulebygg og symjeanlegg

Rentekompensasjonsordninga for lån til rehabilitering og nybygg av skular og symjeanlegg blir vidareført i 2016. Det er lagt opp til ei samla investeringsramme, som grunnlag for rentekompensasjon, på kr. 15 mrd. fordelt over åtte år frå og med 2009.

Sjukeheims plassar og omsorgsbustader

For 2016 er det framlegg om å gi tilsegn om tilskot for om lag 2500 nye einingar med heildøgns omsorg, fordelt mellom omsorgsbustader og sjukeheims plassar. Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og

funksjonshemming. Tilskotet kan gå til bygging, kjøp eller utbetring.

Dagtilbod demente

Regjeringa vil kome med framlegg til endring av helse- og omsorgstenestelova slik at kommunane frå 01. januar 2020 får plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens. Det er lagt opp til utbygging av tilbodet fram mot år 2020.

Flyktningar

Regjeringa vil legge fram ein tilleggsproposisjon for 2016 som følgje av det høge talet på asylsøklarar.

Inntektssystemet 2017

Det er varsla endringar i inntektssystemet frå 2017. Det vil kome eit høyringsnotat om nytt inntektssystem før jul i år. Inntektssystemet vil bli vurdert nærare i kommuneproposisjonen for 2017 som kjem i mai neste år.

Hovudliner frå Økonomiplan 2016 – 2019

Kommuneplanen - overordna mål

Kommunen sin visjon er "Bynært bygdeliv"

Overordna mål for kommunen er nedfelt i kommuneplanen, samfunnsdelen. Økonomiplanen skal vere ein fireårig handlingsplan for å realisere desse måla.



Kommunen som tenesteyter – overordna mål

- Vaksdal kommune skal ha ein sunn økonomi og gjennom god økonomistyring sikre økonomisk handlingsrom med dei inntektene me har
- Me møter innbyggjarane med dialog og profesjonalitet
- Me arbeidar systemisk og heilskapeleg for å gje rett teneste til rett nivå til rett tid til lågast mogeleg kostnad
- Me legg vekt på lokal identitet og kultur i samfunnutvikling og tenesteyting
- Me har det godt på jobb og er stolte av kommunen vår

Kommunereform og nytt inntekssystem

Regjeringa sine mål for ein ny kommunereform:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskapeleg og samordna samfunnsutvikling
- Bærekraftige og robuste kommunar
- Styrke lokaldemokratiet og gje større kommunar fleire oppgåver

Kommunane er pålagt ei utgreiingsplikt, arbeidet som starta hausten 2014 og Fylkesmannen skal bistå i arbeidet, medan KS også har ei viktig rolle. Reformperioden varer frem til nasjonale vedtak er fatta, innan 1. januar 2018.

Det er fleire økonomiske virkemiddel som er tilgjengeleg for å stimulere til gode prosessar og oppnå ynska resultat. Kommunar som slår seg saman får dekka eingongskostnader etter ein standardisert modell. I tillegg blir det gitt reformstønad til alle samanslåtte kommunar med vedtak i reformperioden, med et minstebeløp på 5 mill. kroner per samanslåing. Stønadene er differensiert etter innbyggjartal. Inndelingstilskotet blir vidareført slik at den nye kommunen får behalde tilskot som om den fortsatt var to (eller fleire) kommunar i 15 år etter sammenslåinga, før tilskotet vert trappa ned over 5 år.

Kommunestyret i Vaksdal har vedtatt følgjande:

Rådmannen greier ut følgjande alternativ:

1. Greia ut moglegheitene for / konsekvensane med å halde fram som eigen kommune (som no) eventuelt med Modalen kommune.

2. I lag med rådmann i Osterøy, Samnanger og Bergen greia ut ein felles kommune. Ei eventuell tilknytning til Bergen må omfatta:

· Moglegheitene for eit demokratisk nivå aust for Ulriken (t.d. bydelsstyre)

· Moglegheitene / konsekvensane med at deler av noverande Vaksdal kommune vert innlemma i andre kommunar (Voss / Nordhordland)

Det er viktig at alle alternativa vert utgreidd med tanke på kva som er tenleg for innbyggjarar i samtlege bygdelag.

Ved handsaming av Økonomiplan 2016-2019 vert det gjort følgjande vedtak:

Rådmannens framlegg til økonomiplan vert vedteken rettningsgjevande med slike føringar:

Oppvekst:

- *Tilstandsrapporten som gjeld bygg innan oppvekst vert teken til orientering.*
- *Kunnskapsgrunnlaget som gjeld skulestruktur vert teken til etterretning. I punkt 5 innarbeider rådmannen eit punkt 5.4: «Nærmiljøskular 1.-4.klasse og sentralisering av 5.-10.klasse» som eit fjerde utgreiingsalternativ.*
- *Med utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget om skulestruktur legg rådmannen til rette for ein heilskapleg skulestrukturdebatt der alle formkrav er teke omsyn til.*
- *Når eventuell ny skulestruktur er vedteken kjem rådmannen tilbake med ei sak om opprusting eller nybygg av skuleanlegg på Dale samt;*
- *framlegg til sal/alternativ bruk av bygg innan tenesteområde oppvekst*
- *plan for opprusting av bygga ein skal driva skule/barnehage i*

Kommunestyret fastset i særskild vedtak:

- *Skulestruktur,*
- *Eventuelle nybygg og rammer for dette,*
- *Plan for opprusting av bygg og økonomiske rammer for dette. Eventuelle løyvingar vert*
 - *gjort i årsbudsjetta,*
 - *Plan for eventuelle sal av bygg innan tenesteområdet,*
 - *Tilstandsrapport om arbeidet med kunnskap, trivsel, samarbeid med dei føresette og*
 - *fråfall i vidaregåande skule skal leggjast fram for kommunestyret årvist.*

Helse og omsorg:

- *Gjeldande økonomiplan vert vidareført.*
- *Eventuelle endringar i struktur skal vedtakast av kommunestyret i eige vedtak.*
- *Rådmannen legg fram ei sak for Levekårsutvalet om:*
 - *Arbeidet med å utvikla Daletunet til eit kompetansesenter for rehabilitering/helsehus vert vidareført og vidareutvikla med satsing på kvardagsrehabilitering, bruk av velferdsteknologi og livskvalitet.*
 - *Arbeidet med å utvikla Vaksdal sjukeheim til eit kompetansesenter for demens der ein utviklar sjukeheimen, Maritvold og eit opprusta Jamnetun til ei «Demensbygd» der kvardagsrehabilitering og livskvalitet står i fokus.*
- *Arbeidet med å utvikla heimetenestene og rus- og psykiatritenesta må knytast nærare til institusjonane.*
- *Rådmannen utarbeider ein plan for folkehelse i nært samarbeid med frivilligheiten.*
- *Rådmannen får utarbeidd ein tilstandsrapport over samtlege bygg innan tenesteområde Helse og omsorg og kjem tilbake med sak om bruk, opprusting, behov for nybygg og eventuelt sal.*

Kommunestyret fastset i særskild vedtak:

- *Samtlege strukturelle endringar*
- *Ny plan for tenesteområdet der ein satsar på kvardagsrehabilitering, psykiatri,*
- *«demensbygd». Livskvalitet skal stå sentralt i alle ledd.*

- *Investeringsplan for å utvikla tenestene i tråd med ny plan for tenesteområdet.*
- *Eventuelle løyvingar vert gjort i årsbudsjetta.*

Samfunnsutvikling:

- *Rådmannen får utarbeidd ein tilstandsrapport over samtlege bygg utover*
 - *tenesteområda Oppvekst og Helse og Omsorg (Sjå over!)*
 - *Rådmannen fremjar sak om opprusting og eventuelle sal av bygg innan tenesteområdet*
 - *Rådmannen legg, etter eigen plan, til rette for utbygging av Stanghelle Vest i samarbeid med private*
 - *Rådmannen får utarbeidd ein plan for fellesområda i kommunen der ein ser på:*
 - *Kva for fellesområde ein skal vidareutvikla (t.d. leikeplassar, parkar etc.)?*
 - *Kva for fellesområde som bør avviklast (t.d. leikeplassar, parkar etc.)?*
 - *Kva kan private og frivillige overta?*
 - *Kva kan gå tilbake til naturen?*

Kommunestyret fastset i særskild vedtak:

- *Rammer for opprusting av bygg*
- *Kva for bygg som skal selgjast*
- *Framdrift i utbygginga av Stanghelle Vest*
- *Kva for fellesområde som skal vidareutviklast, selgjast eller gå tilbake til naturen*
- *Kommunestyret legg til grunn at rehabilitering av bygg, nybygg, fellesområde skal skje på ein nøktern, kostnads- og arealeffektiv måte.*

Økonomi – føresetnader i økonomiplan

Mål: Vaksdal kommune skal ha ein sunn økonomi og gjennom god økonomistyring sikre økonomisk handlingsrom med dei inntektene me har



Langsiktige mål for sunn økonomi

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: 3 %
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter : under 50%
- Disposisjonsfond minst 10%

Kommunen har vedtatt eit langsiktig mål om 3 % netto driftsresultat som er eit anbefalt nivå for å sikre sunn økonomi over tid. Overskotet er tenkt sett av til investeringar og disposisjonsfond for å takle ubalanse over tid. Netto driftsresultat var både i 2012 og 2013 over 3%. I 2014 var netto driftsresultat 2%. I planperioden er dette målet under press gjennom reduserte inntekter og behov for tilpassing av utgiftene i samsvar med dette. Dette krev omstillingar og utvikling i perioden.

Pr 2014 er netto lånegjeld i kommunen 49,8% medan landet, fylket og kommunegruppa ligg høgare. For å ikkje binde for mykje kapital til renter og avdrag er det behov for at kommunen held fram med ei nøkternt nivå på investeringane.

Kommunen har i dag disposisjonsfond på 17% som er rekna som eit sunt nivå. Grunna eit stort oppsamla premieavvik er det i seinare år sett av midlar tilsvarande premieavviket til eit amortiseringsfond for å dekke negativt premieavvik, avskrivning og ev tap på verdipapir. Dette fondet utgjer ein stor del av disposisjonsfondet vårt.

Utfordringar i planperioden

Det er særleg to forhold som påverkar inntektene til kommunen i planperioden og for budsjett 2016

- Folketalsutviklinga
- Utviklinga innan vasskraft
- Endringar i inntektssystem

Folketalsutvikling

Utvikling i folketal er eit av dei viktigaste kriteria for den økonomisk utviklinga i ein kommune. Vaksdal kommune har eit stabilt befolkningstal, men det er større endringar innfor ulike aldersgrupper. Nivået på rammetilskot vil påverkast av folketalsutvikling, aldersamansetning og andre demografiske forhold samanlikna med landet samla.

Ut frå dei utviklingstrekk som er i kommunen vert lågalternativet lagt til grunn for prognoser for framtidig rammetilskot og tilpassing av tenestetilbodet.

Dersom vi ser på dei ulike aldersgruppene som får mest direkte tenester er det venta følgjande utvikling i folketallet:

- Barnehage: Prognosar antal born i aldersgruppa 1-5 år. Det er venta reduksjon i planperioden, og deretter svak vekst fram mot 2025.
- Grunnskule: Prognosar antal born i aldersgruppa 6-15 år. I planperioden er det venta svak nedgang (noko svingande) og lav vekst etter 2020

- Eldreomsorg: Tenesteområdet Helse og omsorg har brukarar i alle aldersgrupper, men flest tenestemottakarar i aldersgruppa 67 +. Samla er det reduksjon i planperioden, men det er venta noko vekst frå 2025. Det er aldersgruppa 67-79 som auker, medan det er forventa reduksjon i aldersgruppene over 80 år.

Med aldersfordelinga i befolkning pr 1.1.14 som utgangspunkt, ser vi at det i planperioden vil vere redusert behov for ressursinnsats innan Barnehage og Eldresomsorg. Det er då lagt opp til lav vekst for Vaksdal kommune. Dersom vi legg til grunn at det er aldersgruppa 90+ som er den beste enkeltindikatoren som skildrar behov for institusjonsplassar, er det her den største endringa ligg fram mot 2030.

Inntekter knytt til vasskraft

Kommunens viktigaste inntekter utanom rammetilskot og skatt er eigedomskraft og konsesjonskraft. Dette er inntekter som vert påverka av utviklinga i kraftmarknaden

Eigedomsskatten er ein skatt som kommunen brukar til finansiering av tenestetilbodet. Størstedelen av eigedomsskatten (omlag 80%) kjem frå kraftstasjonar, og skattegrunnlaget for kommande år kjem frå sentralskattekontoret. BKK som største konsesjonær har varsla reduksjon i heile økonomiplanperioden. I tillegg er det lagt fram forslag til endring i skatt på verk og bruk, og for Vaksdal kommune vil dette kunne medføre eit inntektsbortfall på 3-4 mill.

Kommunen har konsesjonskraft som vert omsett i kraftmarknaden. Det er venta låge kraftprisar i heile planperioden.

BKK har varsla at det vil verte redusert utbytte i perioden. Frå 2014 til 2015 vart utbytte redusert frå ca 3 mill til 1,4 mill. Utbytte frå BKK på 1,4 mill i 2016 vert foreslått tilført drifta.

Rammetilskot og skatt – nytt inntektssystem

Kommunane opplevde skattesvikt i 2014 i forhold til prognosane. Vaksdal kommune har om lag same skatteinngang i år som i fjor, men vil få redusert inntektsutjevning sidan skatteveksten i landet er lågare enn venta.

Auka skatteinntekter vil ikkje ha større effekt for Vaksdal kommune, då skatteinntektene er på under 90% i forhold til landet. Auka skatteinntekt vil då medføre redusert inntektsutjevning. For Vaksdal kommune er det ikkje lagt opp til vekst i skatteinntektene i planperioden. Det er ei viss usikkerheit knytt til skatteinngang framover, om veksten for landet vert lågare enn prognosen i statsbudsjettet (jf 2014) kan det påverke utjevningssidlane negativt.

Pensjonskostnader


Det er venta at pensjonskostnadene vil auke utover det som vert kompensert gjennom prisjustering av inntektene i statsbudsjettet. Auken i pensjonspremie har samanheng med lønsutviklinga, låg rente og auka levealder. I tillegg gir redusert amortiseringstid (nedbetaling) auka pensjonskostnader.

I økonomiplanen er det lagt til grunn endringer som vist i tabell under:


	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
Rammetilskot	-2 000 000	-3 500 000	-4 500 000	-6 000 000
Skatt	-	-	-	-
Eigedomsskatt	-2 000 000	-2 000 000	-3 000 000	-3 000 000
Konsesjonskraft	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
Utbytte BKK	-	-	-	-
Sum	-6 000 000	-7 500 000	-9 500 000	-11 000 000
<i>Endring i % frå 2015</i>	<i>-2,1 %</i>	<i>-2,7 %</i>	<i>-3,4 %</i>	<i>-3,9 %</i>

Endringer er vist i forhold til budsjett 2015. Utviklinga i kraftmarknaden viser at inntekter knytt til Eigedomsskatt og Konsesjonskraft kan verte ytterlegare endra. I budsjett 2016 er det lagt til grunn ytterlegare reduksjon i inntekter frå Konsesjonskraft på 1,3 mill.

Vaksdal kommune har over tid hatt inntekter frå aksjar, obligasjonar, premieavvik og premiefond som har medført overskot på botnlinja.



Vaksdal kommune har i løpet av dei 10 siste åra hatt følgjande utvikling i netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter.



Budsjett 2016

Økonomiplanen er retningsgjevande for årsbudsjettet. Førresetnader med inntekter og utgifter er oppdatert basert på statsbudsjettet, folketal pr 1.7 og andre endringar. Inntektssida i budsjettet for 2016 er svekka ytterlegare både gjennom inntektssystemet og egne inntekter.


Frie inntekter

Dei samla frie inntektene (rammetilskot og skatt) for Vaksdal kommune vert anslått til 241 mill i 2016. Nedgang i folketal og svak skatteutvikling medfører ein berekna vekst i frie inntekter på 1%. Justert for endra ressursinnsats, auka pensjonskostnader, løns- og prisvekst betyr dette strammare rammer for kommunen i 2016.

Folketal pr 1.juli 2015 ligg til grunn for rammetilskotet neste år. Vaksdal kommune hadde 1.juli i år 4096 innbyggjarar mot 4141 pr 01.07.14. I denne perioden er aldersgruppene 2-5 år redusert med 15 personer, 80 år og eldre er redusert med 23 personer.

Rammetilskot og utgiftsutjamning utgjer 136 mill og skatt inkl inntektsutjamning utgjer 105 mill.

Prognose folketal (SSB)



Eigedomsskatt

Satsene for eigedomsskatt er vidareført på same nivå som 2015 jf. eige sak.

Inntektene frå eigedomsskatt vert redusert i budsjettet. Redusert skattegrunnlag for kraftverka er hovudårsaken. Omtaksring av større anlegg kan medføre ytterlegare reduksjon i eigedomsskatten og foreslått endring i grunnrenta i statsbudsjettet fører til større skatteandel til staten og redusert andel til kommunane. Vi har lagt til grunn eigedomsskatt på 32 mill i 2016.

Sal av konsesjonskraft

Kommunen har konsesjonskraft som vert seld i kraftmarknaden. Krafta for 2016 er ikkje seld enno, men marknadsprisen ligg lågare enn det som er lagt til grunn i økonomiplanen. Basert på venta salspris er det budsjettert med 1,3 mill mindre i inntekter enn det som var sett opp i økonomiplanen 2016-2019, i alt 3,3 mill i redusert inntekt frå 2015.

Konsesjonsavgift

Inntekter frå konsesjonsavgift er om lag 3,1 mill i 2016, og vert overført til bundne fond.

Renteinntekter og utbytte

BKK har tidlegare varsla at utbytte vert redusert frå tidlegare år, og var totalt 400 mill i 2015. Ut frå kommunens eigarbrøk på 0,37% vert dette i underkant av 1,5 mill. I tillegg har kommunen utbytte frå Modalen/Eksingedalen Billag, Bir og Gjensidige på om lag 0,5 mill årleg. Renteinntekter vert om lag 0,7 mill.

Avkastning på verdipapir - Aksjar og obligasjonar

Kommunen sin portefølje er samla pr 31.8.15 om lag 87 mill. Aksjar har hatt noko lavare avkastning sidan 2014 og det er uvisse i marknaden for tida. Vi har derfor valt å redusere budsjettert avkastning på aksjar og obligasjonar til 1 mill i 2016. Prognosane framover i perioden er usikre og avheng av fleire faktorar som t.d. storleiken på eigen portefølje og utviklinga i verdensøkonomien.

Pr 31.08.2015 er porteføljen sett saman slik:

AKTIVAKLASSE	MARKEDSVERDI NOK	I PROSENT
Bankinnskudd	3 918 742	5 %
Sertifikat/obligasjonar	70 842 752	81 %
Aksjer	12 209 025	14 %
Totalt	86 970 519	100 %

Renter og avdrag

Renter og avdrag er budsjettert ut frå investeringsbudsjett 2016. Renteutgiftene er budsjettert med eit rente på 2,5% i 2016, medan det resten av planperioden er lagt til grunn ei rente på 4%. Lavt rentenivå kan forventast i 2016, og kommunen har ein kombinasjon av faste og flytande renter som gjer oss lavare renter enn tidlegare år.

Inntekter frå fond

Frå Næringsfondet tek vi inn samla 1.675.000,-. Til drift av Vaksdal Næringssselskap går 1 mill, kr 300.000,- går til etableringstilskot og kr 375.000,- går til renter og avdrag.

Overført frå drift til investering

Det vert overført 5,9 mill frå drift til investering for å redusere låneopptak tilsvarande. Kommunen har i dag ei lånegjeld som ved utgangen av 2014 utgjør 49,8% av brutto driftsinntekter. Kommunen klarar ikkje å halde seg under målsetjinga på 50%, og det er viktig å bruke meir av driftsmidlene til å finansiere investeringane. Denne overføringra frå drift gjer at renter og avdrag vert redusert med om lag 0,5 mill årleg over heile lånets løpetid (20-25 år).

Brukarbetaling og gebyrinntekter

Vatn- avlaup og renovasjon (VAR) er sjølvkostområde og gebyra skal dekke utgiftene. Satsane for gebyr innafor VAR-området vert presentert i eiga sak.

Det vert føreslege ei generell prisauke på 3%. Andre betalingsatsar vert lagt fram som eigen sak.

Budsjettskjema 1A

Budsjettskjema 1A - drift	R-2014	B-2015	B-2016
Skatt på inntekt og formue	91 771	92 700	95 000
Ordinært rammetilskudd	142 818	144 380	146 000
Skatt på eiendom	35 855	34 000	32 000
Andre direkte eller indirekte skatter	3 352	3 050	3 100
Andre generelle statstilskudd	10 484	3 170	2 870
Sum frie disponible inntekter	284 280	277 300	278 970
Renteinntekter og utbytte	4 858	1 798	2 700
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	5 134	2 000	1 000
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	6 817	9 320	7 700
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	2 945	-	-
Avdrag på lån	10 777	11 900	13 800
Netto finansinnt./utg.	-10 547	-17 422	-17 800
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk		-	
Til ubundne avsetninger	12 518	-	
Til bundne avsetninger	11 686	3 070	3 100
Bruk av tidligere regnks.m. mindreforbruk	13 340	-	
Bruk av ubundne avsetninger	517	150	-
Bruk av bundne avsetninger	2 838	4 488	1 675
Netto avsetninger	-7 509	1 568	-1 425
Overført til investeringsbudsjettet	150	6 205	5 928
Til fordeling drift	266 074	255 241	253 817
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)			
Mer/mindreforbruk	266 074	255 241	253 817
<i>Overskot i %</i>	<i>0,1 %</i>	<i>2,4 %</i>	<i>2,3 %</i>

Budsjettskjema 1B	R-2014	B-2015	B-2016
Fellesområde økonomi	12 799	22 411	26 327
Tenesteområde helse og omsorg	148 416	127 015	120 766
Tenesteområde oppvekst	76 795	75 925	68 365
Tenesteområde samfunnsutvikling	28 064	29 890	38 359
Totalsum	266 074	255 241	253 817

I forhold til tidlegare år og vedteken økonomiplan er det nokre forhold som endrar rammene til tenesteområda og einingane

- Det blir ei plikt for kommunane frå 01. januar 2016 å tilby døgnopphald for personar med trong for hjelp med ein gong. Det har vore ei gradvis oppbygging for å sikre at kommunane skulle få tid til å bygge opp tenesta. Dette er no lagt inn i rammetilskotet, og for Vaksdal kommune utgjør dette kr

1.202.000,-. Ramme knytt til felleskostnader Helse og omsorg er styrka med dette beløpet som skal finansiere ordninga.

- Budsjettmidler til Forvaltning, drift og vedlikehold (FDV) vert overført frå einingane sine budsjett til Samfunnsutvikling. Dette er utgifter til vaktmestertjenester, energi, kommunale avgifter og forsikring av bygg. Samla utgjør dette om lag 6,7 mill auka rammer for Samfunnsutvikling, men inneber ingen reelle endringar i rammene. Vi meiner at dette gir betre styring og kontroll, ved at vi tek bort interne transaksjonar og styrkjer lokal leiding ved at dei får budsjettansvar for kostnader som ligg innafør fagansvaret.
- Overføring frå drift til investering vert redusert i forhold til vedteken økonomiplan.
- Ramma til Samfunnsutvikling er auka med 2 mill til auka vedlikehold kommunale bygg. Det er lagt inn 150 000 ekstra til brann i overgangsmidlar i samband med samarbeidsprosjekt.

Under fellesøkonomi vert inntektene frå konsesjonskraft ført, reduksjon i denne inntektsposten aukar ramma jf vedlegg 1 Fellesområde

Økonomisk oversikt - drift	Regnskap 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Driftsinntekter			
Brukerbetalingar	18 041	19 669	17 193
Andre salgs- og leieinntekter	22 613	23 265	24 851
Overføringer med krav til motytelse	46 854	27 524	30 975
Rammetilskudd	142 818	144 380	146 000
Andre statlige overføringer	10 484	9 982	11 528
Andre overføringer	21 583	17 750	14 450
Skatt på inntekt og formue	91 771	92 700	95 000
Eiendomsskatt	35 855	34 000	32 000
Andre direkte og indirekte skatter	3 352	3 100	3 150
Sum driftsinntekter	393 371	372 369	375 147
Driftsutgifter			
Lønnsutgifter	201 818	194 089	193 897
Sosiale utgifter	62 834	63 888	60 805
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	61 923	60 193	62 015
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	34 583	28 781	28 915
Overføringer	26 332	14 052	16 251
Avskrivningar	15 214	14 000	16 000
Fordelte utgifter	-8 370	-10 717	-11 638
Sum driftsutgifter	394 334	364 285	366 245
Brutto driftsresultat	-964	8 084	8 902
Finansinntekter			
Renteinntekter og utbytte	4 858	1 798	2 700
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	5 134	2 000	1 000
Mottatte avdrag på utlån	4 291	30	30
Sum eksterne finansinntekter	14 284	3 828	3 730

Finansutgifter			
Renteutgifter og låneomkostninger	6 817	9 320	7 704
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	2 945	0	0
Avdrag på lån	10 777	11 900	13 800
Utlån	55	30	0
Sum eksterne finansutgifter	20 594	21 250	21 504
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-6 311	-17 422	-17 774
Motpost avskrivninger	15 214	14 000	16 000
Netto driftsresultat	7 940	4 662	7 128
Interne finanstransaksjoner			
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	13 340	280	0
Bruk av disposisjonsfond	517	150	0
Bruk av bundne fond	2 838	4 643	1 970
Sum bruk av avsetninger	16 695	5 072	1 970
Overført til investeringsregnskapet	150	6 405	5 928
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond	12 518	210	0
Avsatt til bundne fond	11 686	3 120	3 170
Sum avsetninger	24 355	9 735	9 098
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	280	0	0

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter vert 1,9% i 2016

Investeringar

Gjeldane investeringsplan er lagt til grunn og rullert i økonomiplanperioden. Det vert lagt opp til store investeringar i planperioden, og i 2016 er vert det føreslege ei mindre auke i forhold til tidlegare vedteken økonomiplan. Investeringane er i samsvar med økonomiplanen, endringar i rammer eller framdriftsplan er kommentert særskilt.

KAPITALBUDSJETT	BUD 2015 (justert)	BUD 2016	ØPL. 2017	ØPL. 2018	ØPL. 2019
INVESTERINGSUTGIFTER					
FELLES ØKONOMI - SENTRALT BUDSJETTERT					
Ikt- og datasikkerheitsløyising	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000	
Kyrkja - investering	200 000	200 000	200 000	200 000	200 000
Heradshus – datakabling	200 000				
Kundetorg - ombygging	150 000	400 000			
HELSE OG OMSORG					
Forprosjekt Helse og omsorg	800 000				
Prosjekt Demenssenter/helsehus		5 000 000	8 000 000	5 000 000	
Ombygging/oppgradering kommunale utleigebustader	500 000	1 800 000	500 000		
Prosjekt: Innovasjon i omsorg	500 000	300 000	300 000	300 000	300 000
Folkehelse og familie – samlokalisering heradshus	450 000	900 000	700 000		
Tilstandsvurdering sjukehemar og omsorgsbustader	1 850 000				
Rehabilitering kjøkken 5 etg. Daletunet		825 000			
OPPVEKST					
Investeringar skulebygg m/rentekomp.	2 500 000	1 400 000			
Investeringar skulebygg		6 000 000	50 000 000	75 000 000	75 000 000
Opprusting uteområde skular/barnehagar	200 000	200 000	200 000	200 000	
Digitalisering i barnehage	200 000				
Strakstiltak Dale Barne- og Ungdomsskule	810 000				
SAMFUNNSUVIKLING					
Eigedomsforvaltninga byggtjenester	500 000				
Bustader Lavik	3 700 000				
Snuplass - Otterstadneset	250 000				
Snuplass - Myster	150 000				
Investeringar kommunale bygg		3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Tettaneset bu-visjon	11 250 000				
Tettaneset T1		2 000 000			
Tettaneset T2					15 000 000
Senterplassen	300 000	200 000			
Andre møteplassar / grøntanlegg / nærmiljø	200 000	300 000		300 000	
Stamnes sentrum	500 000	500 000			

Vaksdal kommune Budsjett 2016

Teknisk stasjon maskiner/utstyr		1 600 000		500 000	
Digitale kartverk/arkiv	200 000	200 000	200 000	200 000	200 000
Trafikksikringstiltak	402 000	200 000	200 000	200 000	
Prosjekt rassikring:	150 000	150 000	150 000	150 000	150 000
Prosjekt: Adresseregister	200 000				
Klimaplan - midlar	100 000				
Ballbane Eksingedalen		250 000			
Brann	400 000	100 000			
Opprusting kaier	1 205 000	500 000	450 000	600 000	
Samfunnsutvikling- samlokalisering, oppussing	200 000	500 000			
Bustader Døso	1 000 000				
Oppgradering kommunale vegar		750 000			
Oppgradering kommunale bruer	300 000	500 000	3 000 000	300 000	
Rullering av kommuneplan	500 000	650 000			
Riving av gamle barnehage Stanghelle	700 000				
Kommunale vassverk	1 500 000			1 500 000	1 500 000
Avlaup (kloakkar)	1 500 000	1 500 000		1 500 000	1 500 000
Nytt vassverk Vaksdal	2 000 000	23 000 000			
Avløpssanering Vaksdal	1 000 000	4 000 000	5 000 000		
Høgdebasseng Myster	300 000	3 700 000			
Oppgradering Dalevågen avløpsrenseanlegg		300 000	2 700 000		
Avløpssanering Stanghelle		500 000	4 000 000		
Asfaltering Gammersvik-Grøsvik	780 000				
Asfaltering Sædalen Stanghelle	215 000				
Sikring mur Boge	105 000				
SUM INVESTERINGAR	39 167 000	62 625 000	79 800 000	90 150 000	96 850 000

Tiltak på investeringsplanen 2016

Av større tiltak i perioden kan nemnast investeringar innan skule og helse og omsorg, nytt vassverk på Vaksdal og andre større investeringar innan vatn og avlaup og tilrettelegging for bustadutbygging.

Felles økonomi

Fullfinansiering av ombygging av kundetorget er lagt til i budsjettet. Generell pott til investeringar i kyrkja og midlar til IKT-investeringar/digitalisering er vidareført.

Helse og omsorg

Ramma til rehabilitering/ombygging kommunale utleigebustader er auka med 300.000. Ombygginga til samlokalisering av Folkehelse og familie er kostnadsberekna og planlagt gjennomført i 2016 -2017 Rehabilitering av kjøkken i 5 etg på Daletunet er kostnadsberegnet og lagt inn som nytt tiltak.

Det er lagt inn midlar til prosjektet for omlegging av helse- og omsorgstenestene og ombygging (Lev Vel i Vaksdal) . Det kan verta nødvendig med ytterlegare investeringar i perioden, nærare kostnadsberekningar vil ligge føre etter tilstandsvurdering og forprosjekt i juni 2016. Det er aktuelt å nytte Husbanken sine låne- og tilskotsordningar til dette prosjektet.

Oppvekst

Rentekompensasjonsordninga for lån til rehabilitering og nybygg av skular går ut 2016. Kommunen har sidan 2010 årleg budsjettert med investeringar til skule innafor denne ordninga. Av ei ramme på 11,6 mill gjenstår 1,4 mill som er lagt inn i 2016. Midlane er nytta til m.a ventilasjon, toalettanlegg, og andre investeringar i samband med miljøgodkjenning, I planperioden er det lagt inn midlar til nybygg Dale barne- og ungdomsskule jf sak om tilstandsvurdering. Delar av bygningsmassen på Dale barne- og ungdomsskule har eit stort etterslep på vedlikehald. Skulen er ikkje tilpassa dei krav ein stiller til skulebygg i dag, mellom anna med tanke på fleksibilitet, inn klima og tekniske anlegg.

Erfaringar frå andre kommunar ved opprusting av eldre skulebygg har vist at risikoen ved slike prosjekt er store med omsyn til overskriding av kostnader og forlenga levetid etter oppussing. Det er døme på rehabiliteringsprosjekt med store budsjettoverskridingar der ein står igjen med eit mangelfullt bygg som er dyrt i drift, og som ikkje stettar fysiske krav til eit godt læremiljø.

Erfaringar frå skulebygg av tilsvarande størrelse kan indikere kostnader på rehabilitering på mellom 50 – 100 millionar kroner og mellom 100 – 150 kr for eit nybygg.

Det er utarbeida ein tilstandsvurdering av bygget for å vurdere kostnaden for rehabilitering opp mot kostnaden for å bygge ny barne- og ungdomsskule. Synergjar mot andre aktivitetar/bygg, til dømes kulturskule, PPT og bibliotek lyt då også bli vurdert.

Samfunnsutvikling

Av endringer er det oppjusterte tal for rehabiliteringar: opprusting av kommunale bruer etter tilstandsvurdering, vedlikehald kommunale kaier og kommunale vegar, restfinansiering av ny brannbekledning og ombygging Samfunnsutvikling.

Investeringsramme for vedlikehaldsetterslepet i kommunale bygg er budsjettert med 3 mill. I tillegg er det satt av ekstra midlar i driftsbudsjettet til vedlikehald av kommunale bygg. I statsbudsjettet er det foreslått eit eingangstilskot til vedlikehald av skular og omsorgsbygg tilsvarende 96 kr pr innbyggjar som ein del av tiltakspakken for stimulering av norsk økonomi.

Innan vatn og avlaup (sjølvkost) er kostnaden med nytt vassverk på Vaksdal lagt inn. Vidare er det lagt inn midlar til nytt høgdebasseng og desinfeksjon for Eidslandet vassverk, til sanering av utslepp på Vaksdal og Stanghelle og oppgradering av Dalevågen avløpsreinseanlegg.

Til utbygging på Tettaneset vert det foreslått å lyse ut prosjektet på Doffin snarast med sikte på å inngå utbyggingsavtale med entreprenør. Infrastruktur første byggetrinn er lagt inn i 2016, byggetrinn 2 i 2019.

I økonomiplanen vert det og peika på mogelegheiter for raskare realisering av potensiale for bustadutbygging gjennom fortetting og ombygging av eksisterande bygg. Arealeffektivisering i kommunale bygg kan frigjere areal og legge til rette for sal av kommunale bygg som vil gje inntekter i perioden.

Det står kr 500.000 til Stamnes sentrum i 2016 som tidlegare vedtatt og opprusting av kommunale bruer og kaier er vidareført. Investeringsmidlar til kjøp av ny gravemaskin på teknisk stasjon er satt av i 2016.

Innan sjølvkost er kostnadane ved nytt vassverk på Vaksdal lagt i planen. Det er og lagt inn midlar til planlagt høgdebasseng Myster og avløpsanering.

Finansiering

Pr 31.12.2015 vil Vaksdal kommune ha om lag 266 mill i lånegjeld.

Investeringsrekneskapen er budsjettetert med tal inkl MVA. Momskompensasjon for investeringar vert ført direkte i investeringsrekneskapen, og påverkar ikkje drifta i 2016. Det er rekna inn 12,5 mill som reduserer låneopptaket. Overført frå drift utgjør 5,9 mill

Budsjettskjema 2A - investering	R-2014	B-2015	B-2016
Investeringer i anleggsmidler	58 022	42 257	62 625
Utlån og forskutteringer	1 283	2 000	2 000
Kjøp av aksjer og andeler	158	0	0
Avdrag på lån	11 822	1 400	1 400
Dekning av tidligere års udekket	0	0	0
Avsetninger	1 640	0	0
Årets finansierungsbehov	72 926	45 657	66 025
Finansiert slik:			
Bruk av lånemidler	40 183	31 462	43 172
Inntekter fra salg av anleggsmidler	2 310	0	3 000
Tilskudd til investeringer	4 666	0	0
Kompensasjon for merverdiavgift	10 141	0	12 525
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	5 989	4 950	1 400
Andre inntekter	2	0	0
Sum ekstern finansiering	63 291	36 412	60 097
Overført fra driftsbudsjettet	150	6 405	5 928
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0
Bruk av avsetninger	9 485	2 840	0
Sum finansiering	72 926	45 657	66 025
Udekket/udisponert	0	0	0

Økonomisk oversikt - Investering	R-2014	B-2015	B-2016
Inntekter			
Salg av driftsmidler og fast eiendom	2 310	0	3 000
Andre salgsinntekter	0	0	0
Overføringer med krav til motytelse	1 275	3 550	0
Kompensasjon for merverdiavgift	10 141	0	12 525
Statlige overføringer	216	0	0
Andre overføringer	4 450	0	0
Renteinntekter og utbytte	2	0	0
Sum inntekter	18 395	3 550	15 525
Utgifter			
Lønnsutgifter	48	0	0
Sosiale utgifter	14	0	0
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	46 043	42 257	62 625
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	0	0	0
Overføringer	10 341	0	0
Renteutgifter og omkostninger	0	0	0
Fordelte utgifter	1 576	0	0
Sum utgifter	58 022	42 257	62 625
Finansransaksjoner			
Avdrag på lån	11 822	1 400	1 400
Utlån	1 283	2 000	2 000
Kjøp av aksjer og andeler	158	0	0
Dekning av tidligere års udekket	0	0	0
Avsatt til ubundne investeringsfond	623	0	0
Avsatt til bundne investeringsfond	1 017	0	0
Sum finansieringstransaksjoner	14 903	3 400	3 400
Finansieringsbehov	54 531	42 107	50 500
Dekket slik:			
Bruk av lån	40 183	31 462	43 172
Salg av aksjer og andeler	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	4 714	1 400	1 400
Overført fra driftsregnskapet	150	6 405	5 928
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	1 007	0	0
Bruk av bundne driftsfond	5 497	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	2 981	2 840	0
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0
Sum finansiering	54 531	42 107	50 500
Udekket/udisponert	0	0	0


Renter og avdrag utgjør 21,5 mill i 2016. Renter vert budsjettet med 4% i planperioden, men for budsjett 2016 er det lagt inn 2,5 %.

Lånegjeld pr 31.12.2016 vil vere 294 mill.

	BUD 2016	ØPL. 2017	ØPL. 2018	ØPL. 2019
Bruk av formidlingslån	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Bruk av lån m/rentekomp. Skule/kyrkje	1 400 000	-	-	-
Bruk av ordinære lån	39 772 000	53 343 000	61 599 000	66 959 000
Samla låneoptak	43 172 000	55 343 000	63 599 000	68 959 000
Sal av fast eigedom	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Frå fond	-	-	-	-
Frå drift	5 928 000	7 497 000	7 521 000	7 521 000
Frå MVA	12 525 000	15 960 000	18 030 000	19 370 000
Lån IB	266 000 000	293 972 000	332 415 000	377 014 000
Lån IB + nytt låneoptak	309 172 000	349 315 000	396 014 000	445 973 000
Avdrag	13 800 000	15 500 000	17 600 000	19 800 000
Avdrag formidlingslån	1 400 000	1 400 000	1 400 000	1 400 000
Sum avdrag	15 200 000	16 900 000	19 000 000	21 200 000
Netto lånegjeld etter avdrag	293 972 000	332 415 000	377 014 000	424 773 000
Renteutgifter gamle og nye lån	7 700 000	14 000 000	15 800 000	17 700 000

I budsjett 2016 er det føresett ei budsjettrente på 2,5%. Avhengig av rentenivå vil samla renter og avdrag auke med mellom 9 og 11 mill frå budsjett 2016 til budsjett 2019, gitt uendra rentenivå i heile perioden. Dersom det vert auka renter mot 4% i slutten av perioden gir dette ei samla auka utgiftsnivå på 16 mill i forhold til budsjett 2016.

Utvikling av renter og avdrag overt tid viser auka avdrag, medan rentene ikkje har auka i same takt som følgje av synkende rentenivå. Tala for 2015 viser budsjetterte beløp.



Fond

Fondstype	31.12.2012	31.12.2013	31.12.2014
Disposisjonsfond	46 678 646	56 539 011	67 533 680
Bundne driftsfond- k.to 2.51	24 539 031	28 350 136	37 198 717
Ubundne investeringsfond – k.to 2,53	70 353 178	42 143 911	39 786 673
Bundne investeringsfond – k.to 2.55	6 275 883	8 488 193	4 007 773
Totalt fond pr. 31/12	147 846 738	135 521 252	148 526 843

Av disposisjonsfondet er omlag 7,5 mill knytt til Flyktningefondet, 8,2 mill er driftsfondet (sjå under) og 44,5 mill er avsett til amortiseringsfondet. Amortiseringsfondet skal dekke framtidige pensjonsforpliktingar, ev negativt premieavvik og ev tap på aksjar/obligasjoner. Premieavvik er differansen mellom årets betalte pensjonspremier og beregnet pensjonskostnad. Kommunesektorens *pensjonspremier* skal dekke dei auka pensjonspliktingane som har påløpt i løpet av året og vert berekna etter ordinære aktuarmessige prinsipp. Den betalte premien vil mellom anna avhenge av avkastninga pensjonsleverandøren oppnår på pensjonsmidlane og lønsveksten rekna med utgangspunkt i lønsnivået ved utgangen av året. Premiane kan derfor svinge frå år til år. Premieavviket pr 31.12.2014 er 53,6 mill, det er dermed avsett mindre enn det som er framtidige pensjonsforpliktingar.

DRIFTSFOND 2.569900	31.12.2013	31.12.2014
BALANSE PR 31/12-2014	11 090 896,42	14 226 827,60
Disponert, men ikkje brukt/utbetalt pr. 31/12-2014	-1 140 619,73	-994 756,76
Krav til grunnkapital 5,0 mill. K-sak 54/07	-5 000 000,00	-5 000 000,00
Netto disponibelt pr. 31/12-2014	4 950 276,69	8 232 070,84
KAPITALFOND - etter sal av voe 2530010		
BALANSE PR 31/12-2014	30 149 075,88	28 317 871,18
Disponert ,ikkje brukt pr. 31/12-2014	-5 767 130,64	-5 262 647,34
Netto disponibelt pr. 31/12-2014	24 381 935,24	23 055 223,84
NÆRINGSFOND ETTER 1/1-1994 - KONTO 2514500		
BALANSE PR 31/12-2014	13 862 591,36	20 418 469,36
Løvt i budsjett	-1 610 000,00	-1 675 000,00
Budsjettert tilføring av konsesjonsavgifter til fondet	3 000 000,00	3 100 000,00
Ikkje brukt eller utbetalt av tidlegare vedtak	-3 301 624,99	-3 420 532,99
Grunnkapital	-5 900 000,00	-5 900 000,00
Netto disponibelt pr. 31/12-2014	6 050 966,37	12 522 936,37

Organisasjonen og kommunen som tenesteytar

- Vaksdal kommune skal ha ein sunn økonomi og gjennom god økonomistyring sikre økonomisk handlingsrom med dei inntektene me har
- Me møter innbyggjarane med dialog og profesjonalitet
- Me arbeidar systemisk og heilskapleg for å gje rett teneste til rett nivå til rett tid til lågast mogeleg kostnad
- Me legg vekt på lokal identitet og kultur i samfunnsutvikling og tenesteyting
- Me har det godt på jobb og er stolte av kommunen vår

Arbeidsgjevarplattform

Vaksdal kommune si arbeidsgjevarpolitikk har viktige målsetjingar for personalområde:

- Kommunen skal framstå som ein attraktiv og ansvarleg arbeidsgjevar med myndiggjorte medarbeidarar.
- Sikre kommunen nødvendig kompetanse for å nå vedtekna mål.
- Utvikle arbeidsglede og stoltheit over eige og andre sitt arbeid og kommunen som arbeidsplass.
- Å stimulere til kreativitet og nytenking.
- Arbeida aktivt og systematisk med arbeidsgjevarspørsmål på alle nivå i organisasjonen.
- Å avklare rammevilkåra for dei tilsette

Satsingsområde 2015:

Organisasjonsutviklingsprosjektet (OU 2013-2016) går inn i sitt siste år. Programmet har hatt *organisering, leiing, kompetanse og system* som hovudtema for delprosjekta. Alle prosjekta handlar grunnleggjande om utvikling av arbeidsprosessar, kompetanse og samhandling slik at vi som organisasjon på best mogeleg måte kan løyse oppgåvene våre og oppnå resultat i samsvar med vedtatte mål.



- **Organisasjonsutvikling og innovasjon**
 - Kontinuerleg forbetring (LEAN), gevinstrealisering, utvikling og innovasjon

Å legge til rette for utvikling og innovasjon blir viktig dei neste åra for å ruste oss for framtida. Gjennom kollektive prosessar i OU prosjekta har organisasjonen styrka si evne til nytenking, utvikling og innovasjon. Prosjektet «Lev Vel i Vaksdal» i helse og omsorg er eit døme på det. Samfunnsendingar påverkar behov og rammevilkår. Organisasjonen må aktivt tilpasse og utvikle tenestene for å møte utfordringane. Å innføre og støtte opp om metodar og prosessar som fremmar utvikling og innovasjon i ulike delar av organisasjonen er ei satsing i 2016. Metodar for gevinstrealisering og kontinuerleg forbetring (LEAN) kan bidra til å effektivisere arbeidsprosessar og fjerne «tidstyvar» i saksbehandling og tenesteproduksjon.

- **Kompetanseutvikling**
 - Strategisk kompetanseplan

Kompetanse og fag er grunnmuren for prosjektet og for organisasjonen som tenesteytar og serviceorganisasjon. Menneska som utgjer organisasjonen er til ei kvar tid den viktigaste ressursen vi har for å løyse vår faglege hovudoppgåve. Kompetanse må utviklast og fornyast, framtida stiller nye krav til kunnskap og ferdigheitar. Kommunen har over tid satsa på kompetanseheving både gjennom desentraliserte fagprogram og etter- og vidareutdanning. Vi vil utarbeide ein strategisk kompetanseplan for å samle og sikre heilskap i vår kompetanseutvikling.

- **Verksemdsstyring og kvalitetsutvikling**
 - Kvalitetssystem og HMT system, mål og resultatstyring

Gjennom OU prosjektet sine programområde er det arbeidd målretta og systematisk med å ruste organisasjonen, betre styringssystema og utvikle vår evne til mål og resultatstyring. Også neste år er dette eit satsingsområde for å fullføre arbeidet.

Internkontroll er nært knytt til verksemdsstyring og kvalitetsutvikling. I OU prosjektet er det etablert eit eige delprosjekt knytt til internkontroll og kvalitetssystem. Arbeidet med kvalitetssystem vert fullført neste år, revisjon av HMT systemet er planlagt.

- **Digitalt førsteval**
 - Elektronisk saksflyt internt og eksternt

Kommunane som er med i vertskommunesamarbeidet **Iktnh** har revidert strategiplanen i 2015. Vaksdal har ein aktiv rolle i utviklingarbeidet gjennom rådmannsutvalet og strategigruppa. Overordna mål for digitalisering i kommunane er:

- **forenkla**, som handlar om å gi enkeltmennesket innsikt i prosessar, resultat og prioriteringar, enklare teneste og å kutte unødvendig byråkrati og kompleksitet.
- **Forbetra**, som handlar om kvalitet. Det å løfte kompetansen og sørge for at den brukas der den trengs mest, slik at kommunanes tenester blir betre.
- **Fornya**, som handlar om å jobbe smartare, betre samhandlinga og etablera samanhengande arbeidsprosessar ved å ta i bruk mogleghetene teknologien gir oss

Under dette tema pågår det ei rekkje større og mindre prosjekt lokalt eller felles med andre kommunar. Satsingar knytt til digitalt førsteval, digital dialog, elektronisk samhandling i helse og omsorg og veldferdsteknologi er prioriteringar saman med kompetanse, personvern, tryggleik, arkiv og strategisk leiing.


Digitalt førsteval handlar om elektroniske prosessar internt i organisasjonen og eksternt med innbyggjarar og næringsliv. Tenester på nett, digitale innsynsløysingar, sikker digital kommunikasjon og gjenbruk av data er døme på dette. I eit stadig meir digitalisert samfunn er forventningane til kommunane å halde tritt med utviklinga elles. Vaksdal har tatt store steg dei siste åra, framover må vi utvikle dette vidare. SvarUT teneste som sikker digital kommunikasjon er døme på satsingar i 2016. Elektronisk saksflyt internt som reduserer saksbehandlingstid og effektiviserer arbeidsprosesser er andre døme. Ny politikarportal på nyåret vil bidra til betre arbeidsprosessar og gode innsynsløysingar som verktøy i det politiske arbeidet.

Organisasjon

Kommuneorganisasjonen er den største arbeidsplassen i Vaksdal. Knappe 500 personar fordelt på om lag 350 årsverk har kommunen som arbeidsgjevar. Menneska som arbeider her er vår viktigaste ressurs. Mange fagprofesjoner og yrkesgrupper er representert for å løyse kommunen sitt mangfold av oppgåver.

Vi er organisert i to nivå med rådmann, stab og 6 resultateiningar.

Godt leiarskap er avgjerande for å hente ut potensialet i organisasjonen. Etter ny organisering skal det vere tydelege leiarnivå og kven som kan ta avgjerder på desse nivåa. Leiirutviklingsprogram skal



støtte opp under denne målsetnaden og gjelde for heile organisasjonen. Avdelingsleiarrolla er styrka og vert satsa på i den nye organisasjonen.

Antal leiarar er redusert frå 31 til 24(25¹) etter ny organisering. Det er 14 (15) avdelingsleiarar i dag som tidlegare, medan rådmann/einingsleiarar (nivå 1 og 2) er redusert med 7 leiarar til 10.

Stillingar

Tala er frå HRM systemet 31.12.2014. Det vil alltid vere ein del variasjonar ift vikariat og vakante stillingar som ikkje er tatt med i tabellen.

Antal årsverk og personar pr. 31.12.2014 utan vakante stillingar og vikariat:

	2014		2013		2012	
	årsverk	personar	årsverk	personar	Årsverk	personar
Rådmann/stab/PPT, lærlingar, HTV/HVO	23,95*	33	23,31	30	24,3	30
Skule	74,02	92	78,31	99	79,17	102
Barnehage	44,4	48	38,5	42	40,6	44
Heimetenesta	65,67	92	69,6	98	63,93	96
Sjukeheimstenesta	66,82	120	69,9	126	71,4	129
Folkehelse og familie	19,8	25	21,8	27	21,5	28
Samfunnsutvikling	47,95	58	47,73	66	49,99	70
samla	342,61	468	349,15	488	350,59	499

*PPT 2,8 årsverk (4) låg tidlegare under oppvekst.

Innan helse og omsorg er det 3 lærlingar i omsorgsarbeidarfaget, 4 sjukepleiar er i desentral utdanning. Kommunen har også 3 lærlingar innan oppvekstområde i barne og ungdomsarbeidarfaget i og 1 i kontorlag.

Kompetansefordeling	Personar	Årsverk
Ufaglært	124	66,63
Fagutdanning	145	112,03
Høgskule/Universitetsutdanning	201	168,04
Total sum	470	346,70

Generelt er det god søknad til faste stillingar i kommunen. Rekruttering av leiarar og tilsette med spesialistkompetanse er meir krevjande. For å sikre god rekruttering til helse og omsorg deltar kommunen i programmet for desentralisert sjukepleiarutdanning. I tillegg vert det starta eit kvalifiseringsprosjekt som tilbod for personar som ynskjer arbeid innafør helse og omsorgs-sektoren. Kommunen har mål om å ha 8 lærlingar kvart år i perioden.

Verdiarbeid – kultur

Rådmann har starta opp eit internt arbeid med fellesverdiar i organisasjonen. Tilbakemeldingane i dialogsamtalene rådmann har hatt på alle arbeidsplassar danner saman utgangspunktet for arbeidet. Oppstart verdiarbeid var hovudtema på OU dagen for alle tilsette i september. Oppfølging av dette arbeidet held fram på arbeidsplassane med m.a avdelingsvise «kulturdugnader». Arbeidet skal føre fram til fellesverdiar med tilhøyrande «leveregler» for den kommunale organisasjonen.

Omstilling og endring

Alle organisasjonar er i stadig endring. I vår organisasjon har vi justert organisasjonsstrukturen dei siste åra for å rigge oss for utfordringar som kjem. Me arbeidar for å tilpasse oss endra behov, oppgåver og inntekter. For tilsette i kommunen kan endringsprosessar gjere at ein får nye kollegaer, nye arbeidsoppgåver, nye måtar å arbeide på eller andre faglege utfordringar. Dette kan vere inspirerande og motiverande, men for nokon også føre til utryggleik og stress.

Det er viktig at organisasjonen har kompetanse og gode system når ein gjennomfører endring og

¹ avdelingsleiarstilling samfunnsutvikling ikkje tilsatt

omstilling. Her er kommunen sine rutinar for omstilling, omstillingsutval, stillingsutval og eit formalisert og godt samarbeid med arbeidstakarorganisasjonen viktige verktøy for å sikre at prosessane blir gjennomførde på ein god og korrekt måte. I 2016 vil tal årsverk verta redusert.

Det er utarbeida ein kommunikasjonsstrategi som skal leggest til grunn for kommunikasjon internt og eksternt. Aktiv bruk av vårt nye intranett **Skyttelen** for intern kommunikasjon og link til kvalitetssystem med alle gjeldande rutinar og retningsliner i organisasjonen. Informasjon og kommunikasjon vert avgjerande for å lukkast med fells ståstad og felles kultur medan me står i krevjande omstillingar

Etikk

Kommunen har etiske retningslinjer nedfelt i arbeidsgjevarstrategien. I OU-prosjektet er etikk tatt inn som eige deltema. Etikk og etiske problemstillingar er eit sentralt tema i HMT – arbeidet og i arbeidet med kvalitetsutvikling i heile organisasjonen.

Inkluderende arbeidsliv – IA

Vaksdal kommune har inngått IA avtale og har fokus på målsetnadane i IA arbeidet.

Verkemiddel i arbeidet:

- Karlegging av arbeidsmiljø: Vernerundar, medarbeiderundersøking (kvart 2 år) mv.
- Handlingsplan sjukefråvær
- Lokale arbeidsmiljøgrupper
- Bedriftshelseteneste
- HMT system og verneteneste
- Partssamarbeid
- Dialog mellom legane, NAV og kommuneorganisasjonen
- Samarbeid med ulike kompetansemiljø

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) er eit partssamansett utval md 8 medlemmer, fire frå arbeidstakarsida og fire frå arbeidsgjevarsida. Oppfylgning av IA –arbeidet er ein viktig del av utvalet sitt arbeid.

Handlingsplan sjukefråvær

AMU vedtok våren 2015 ein ny IA-handlingsplan for redusert sjukefråvær i kommunen. Det skal m.a utarbeidast handlingsplanar med konkrete aktivitets- og resultatmål på alle nivå. Partssamarbeid i IA – avtalen lokalt skal forankrast og samarbeidet med legane og NAV styrkast.

Pr 2. kvartal er sjukefråveret framleis høgt med 10,9 % som i fjor.

År	1.kv	2. kv	3.kv	4.kv	samla
2007	11,8	9,9	10,3	9,8	10,7
2008	11,4	8,8	6,6	7,9	9,1
2009	10,0	10,4	11,5	9,3	10,4
2010	9	7,6	7,8	9,7	8,9
2011	10,8	9,6	8,2	11,5	10
2012	11,5	9,1	5,8	8,4	8,8
2013	9,7	8,4	7,3	10,5	9,1
2014	11,4	10,9	9	11,8	11
2015	11,7	10,9			

Målsetnaden om eit sjukefråver i den kommunale organisasjonen på **7 %** vert vidareført.

Sjukefråveret i kommunen har over tid vore for høgt og arbeidet vårt for å redusere sjukefråveret er gjennomgått og forsterka i perioden. Tidleg dialog, tettare oppfølging og betre koordinering ved tilrettelegging er fleire tiltak saman med arbeidsmiljøgrupper og kompetansehevingstiltak lokalt.

Eining	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	1 kv	2 kv	Måltal
Barnehage	6,3	9,7	4,9	6,8	12,1	11	10,8	7	10	8,0
Skule	5,8	5,5	7	5,1	6,0	5,5	1,8	6,1	5,5	5,0
Folkehelse/familie	18,7	14,2	19,6	11,1	20,1	13,3	8,5	17,5	14,9	7,5
Samfunnsutvikling	14,7	16,6	11,6	7,6	11,4	12	9,5	14,3	10,3	7,0
Heimetenesta	15,2	13,3	14,9	14,5	16,7	11,6	7,3	14,5	14,3	9,5
Sjukeheimstenesta	20,3	18,1	19,1	20,7	15,3	15,1	14,2	19,2	17	9,5
Rådmann*	3,3	1,3	1,9	0,7	0,7	0,7	1,1	2,2	0,7	2,5
Kommunen samla	12,3	11,7	11,6	10,3	12,1	10,3	7,8	11,8	10,9	7,0

*stab,PPT, lærlinger, HTV,rådmannsnivå

Medarbeidarundersøkingar vert gjennomført ved hjelp av KS verktøyet *Bedre Kommune* kvart 2.år

Medarbeidarundersøking 2015 – hovudbilde

- Sett under eitt har vi godt nøgde arbeidstakarar i Vaksdal kommune
- Lik eller betre skår enn tidligare år i alle dimensjonar
- Generelt høg trivsel og godt samarbeid mellom kollegaer
- Tilsette er veldig nøgd med arbeidets innhald (<6% svar på 1-3 i skala frå 1-6) og meiner å mestre det godt
- Forholdet til leiinga lokalt og overordna ser ut til å vera styrka sidan 2011. OU-prosjektet, dialogmøter og fellessamlinga ein gong i året kan ha medverka til dette
- Overordna leiing skårar likevel under landssnitt for Noreg
- Pilane for organisering av arbeidet og faglig/personlig utvikling pekar oppover
- Fysiske arbeidsforhold og især standarden på arbeidslokala kritiserast
- 56% av respondentane har fått tilbod om medarbeidarsamtale, av dette gjennomførte 83% denne dei siste 12 mund.

Heiltid. Likestilling. Mangfold

Prosjektet Heiltidskultur i regi av satsinga «Saman om ein betre kommune» i Kommunal- og moderniseringsdepartementet, vert avslutta i 2015. Arbeidet for heiltidskultur heldt fram gjennom den ordinære drifta, med særleg fokus på helse og omsorg.

	2010	2011	2012	2013	2014
Kommunen samla	0,67	0,72	0,72	0,73	0,74
Heimetenesta	0,62	0,71	0,66	0,70	0,71
Sjukeheimstenesta	0,50	0,54	0,55	0,55	0,56

Gjennomsnittleg stillingsstørrelse

	2013	2013	2014	2014
Under 40% stilling	86 pers	17,8 %	80 pers	17,0%
Mellom 40% og 99% stilling	216 pers	44,6 %	196 pers	41,7%
100% stilling	182 pers	37,6 %	194 pers	41,3%

Som arbeidsgjevar har ein plikt til å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering. 4 av 5 tilsette i kommunen er kvinner viser tal for 2014. Det er variasjoner mellom dei ulike fagmiljøa. Ulike tiltak for å rekruttere fleire menn vert gjennomført m.a ved utlysing av stillinger.

Kvinner	380	80,9 %	274,38 årsverk
Menn	90	19,1 %	72,39 årsverk
Sum	470	100 %	346,77 årsverk

Andelen arbeidstakarar under 30 år er lav i kommunen. Om lag 35 % av våre tilsette er 55 år og eldre. Andelen som tar ut AFP ved 62 år er lav.

55 år og eldre: 153 personar som utgjør 120,55 årsverk = 34,8%

Under 30 år: 41 personar som utgjør 18,71 årsverk = 5,4 %

Strategiske val og endringar i drifta

Inntektene til kommunen vert vesentleg redusert dei komande åra. Demografiske forhold viser nedgang i folketalet med færre barn og færre eldre. Behovet for kommunale tenester vert redusert, og kapasitet og ressursbruk må tilpassast denne utviklinga. Samtidig skal kvaliteten på tenestene haldast ved like og utviklast, og fokuset på førebygging og samfunnsutvikling styrkast.

Organisasjonen har arbeidd med å utvikle og endre dei kommunale tenestene for å gjere oss rusta til å møte endra behov og nye rammevilkår. Gjennom organisasjonsutviklingsprosjektet (OU) har alle einingar vurdert tenestetilbod, samhandling, kvalitet og utviklingsbehov innafør eigen eining og kommunen samla.

I gjeldande økonomiplan er det lagt vekt på å planlegge og skape handlingsrom for endring. Kommunen må i større grad prioritere innafør reduserte økonomiske rammer. For komande planperiode er dei strategiske vegvala vidareført. Fylkesmannen skriv i sitt budsjettbrev til kommunen:

«Med dei utfordringane kommunen ser framover, er det positivt at det vert lagt for dagen endringsvilje og evne til å vedta vegval for å innrette tenestetilbod etter behov, forventningar og reduserte inntekter i framtida sjølvst med den målsettinga at korkje kvalitet på tenester eller arbeidsmiljø skal bli skadelidande».

Framtidsbildet i 4 – års perioden med endringar i inntektssystem, nedgang i folketal , reduksjon i egne inntekter og auka kapital- og pensjonskostnader viser at kommunen må gjere prioriteringar og vegval for å tilpasse og styrke vår posisjon og ruste oss for framtida. Rammene er basert på endringane i folketalet og venta reduksjon i behovet for tenester for barn og eldre.

Frå 2016 vert det gjort endringar som medfører endra rammer for tenestoområda:

- Det blir ei plikt for kommunane frå 01. januar 2016 å tilby døgnopphald for personar med trong for hjelp med ein gong. Det har vore ei gradvis oppbygging for å sikre at kommunane skulle få tid til å bygge opp tenesta. Dette er no lagt inn i rammetilskotet, og for Vaksdal kommune utgjør dette kr 1.202.000,-. Ramme knytt til felleskostnader Helse og omsorg er styrka med dette beløpet som skal finansiere ordninga.
- Budsjettmidler til Forvaltning, drift og vedlikehald (FDV) vert overført frå einingane sine budsjett til Samfunnsutvikling. Dette er utgifter til vaktmestertenester, energi, kommunale avgifter og forsikring av bygg. Samla utgjør dette om lag 6,7 mill auka rammer for Samfunnsutvikling, men inneber ingen reelle endringar i rammene. Vi meiner at dette gir betre styring og kontroll, ved at vi tek bort interne transaksjonar og styrkjer lokal leiing ved at dei får budsjettansvar for kostnader som ligg innafør fagansvaret.

Vedlegg 1. Tenesteområde, einingar og fellesområde

Oppvekst



Vaksdal kommune har 4 barnehagar og 5 skular. Det er barnehage og skule på Vaksdal, Stanghelle, Dale, Stamnes og skule i Eksingedalen. I rammene for tenesteområdet oppvekst ligg grunnskuletilbod, barnehage-tilbod, PPT, vaksenopplæring og sentralt skule- og barnehagebudsjett. Vaksdal kommune kjøper skuleplassar til elevar frå Eidslandet krins i Modalen kommune. Kommunen yter tilskot til Modalen for førskuleborn frå Eidslandet og Eksingedalen som går i barnehage i Modalen. Norskopplæring for vaksne kjøper vi frå Bergen og Voss.

Fødselstal og aktuelle barnehagebarn for perioden 2010 – 2015 (pr. 30.06.15, SSB)


Totalt	2010	2011	2012	2013	2014	2015
234	44	45	34	36	47	28

Elevtal skuleåra 2015/2016 og 2016/2017 for skulekrinsane pr. oktober 2105

Skuleår	DBU	Vaksdal	Stanghelle	Stamnes	Eksingedalen	Modalen
2015-2016	234 (145)	129	70	40	11 (3)	19 (8)
2016-2017	212 (122)	136	74	35	9 (4)	16 (7)

(xx) = av dette elevar på ungdomstrinnet

Skulane og barnehagane har felles satsing på grunnleggjande ferdigheiter, spesielt språk og lesing, sosial kompetanse, vurdering for læring og forbetring og organisasjonsutvikling med mål om kollektivt orienterte skular og barnhagar. Dette kjem til uttrykk i måla for området oppvekst og for einingane i 2016. Med kollektivt orienterte barnehagar og skular meiner vi einingar, avdelingar og tilsette som nyttar den enkelte og kvarandre sin kompetanse til saman å nå målet om å fremja born og unge si faglege og sosiale utvikling i tråd med sentrale og lokale målsettingar gjennom omsorg, leik, læring og danning.



Mål for 2016

- Vi er aktive oppveksteigarar, både politisk og administrativt, og leiarar som vurderer og forbetra kvaliteten i barnehage og skule gjennom dialogbasert styring
- Vi har tilsette med god og rett kompetanse til å fremja born og unge si faglege og sosiale utvikling
- Vi starta arbeidet med å realisera vedtaket om framtidretta skulestruktur når det ligg føre
- Vi har system for å ta imot, følgje opp og betra opplæring i norsk for minoritet språklege born og vaksne

Tiltak 2016

- Oppveksteigar, politisk og administrativ, deltek i utdanningsprogram i regi av Midthordland kompetanseregion og KS for å auka kompetansen i dialogbasert styring
- Leiarar i skule og barnehage deltek i utdanningsprogram regi av Midthordland kompetanseregion og KS for å auka kompetansen i dialogbasert styring, god leing og organisasjonsutvikling
- Greie ut og starte opp eigen vaksenopplæring, viss dette er føremålstenleg i forhold til kvalitet og økonomi
- Kartlegge kompetansen til dei tilsette i oppvekst og stimulere til auka kompetanse der vi avdekker behov

Resultatmål 2016

Mål for planperioden (gjennomsnitt 5 siste åra)							
Indikator	Nivå	Lesing 5. årsteg	Rekning 5. årsteg	Engelsk 5. årsteg	Lesing 8. årsteg	Rekning 8. årsteg	Engelsk 8. årsteg
2016	Nivå 1	26 %	27 %	21 %	21 %	20 %	16 %
	Nivå 3	21 %	23 %		11 %		9 %

Mål for budsjettåret		
Indikator	Grunnskulepoeng	Del elevar som får spesialundervisning
2016	38	11 %

Kommunebarometeret viser at vi skårar lågt på karakter og plassering samanlikna med andre kommunar innan både barnehage og skule.

Innanfor oppvekst har vi mål om å auka grunnskulepoeng til elevane og redusera spesialundervisninga, samt auka kompetansen hjå dei tilsette. Dette arbeidet startar allereie i barnehage.

Gjennom tiltak i barnehage og skule vil oppvekst ha mål om å betra karakter og plassering i kommunebarometeret på områda:

- Grunnskulepoeng, dvs. gjennomsnittskarakterane til elevane i Vaksdal som er ferdig med grunnskulen
- Spesialundervisning, dvs. mykje spesialundervisning samanlikna med andre kommunar
- Kompetansen til dei tilsette innanfor aktuelle område

Økonomisk ramme

	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Tenesteområdet oppvekst samla	75 925 000	72 500 000
- Felleskostnad / PPT / VO	3 599 999	3 600 000
- Barnehage	22 224 999	22 000 000
- Skule	50 100 002	46 900 000

(Endringane er vist samanliknbare med budsjett 2015. Endringar knytt til omfordeling av FDV er halde utanom)

Endringar/tilpassingar i drifta som er påkravd ut frå budsjetttramma:

- Oppvekst greie ut om drift av eigen vaksenopplæring er økonomisk føremålstenleg opp mot å kjøpe tenesta frå Voss og Bergen, og om det er føremålstenleg starta opp eigen vaksenopplæring
- Sjå elles tiltak under einingane barnehage og skule


Barnehage




Barnehagane i Vaksdal har som visjon: « I barnehagen vår vert alle sett og verdsett, me er blant dei beste på samarbeid mellom barnehage, heim og lokalsamfunn. Barnehagen er trygg, inkluderande, aktiv, kreativ og nytenkjande».

Hausten 2015 er det 47 tilsette i eininga og det er 176 barn totalt i dei fire barnehagane, noko som utgjer 223,1 plassar. Differansen mellom tal barn og plassar kjem av at det er mange barn under tre år som vert rekna med dobbel plass.

Det er 43 barn som begynner på skulen august 2016 og det vert frigjort 14 plassar av barn som går frå 2-åringar til 3-åringar. Før 1. september 2015 er det fødd 28 barn (totalt for 2014 er talet 48, noko som er normalt nivå); altså barn med rett på plass. Berekna at 90 % av desse ønskjer plass, vert det 25 nye barn som til saman utgjer 50 plassar. Det er ei lita venteliste som for ein stor del inneheld barn som har plass, men som ønskjer å bytte barnehage. Ventar likevel at barnetalet vert om lag på 2015-nivå òg i 2016.



Fleire av barna vil vere under 3 år noko som vil auke kostnadane; same aktivitet, men reduserte inntekter. Samfunnsmessig er det likevel positivt at mange vel å nytte barnehagetilbodet for å taka del i arbeidslivet og dermed bidra i verdiskapinga. Det er og grunn til å vere nøgd med at så mange med minoritetsbakgrunn er i barnehagane.



Programmet «De utrolige årene» er ei viktig og langsiktig satsing i alle barnehagane våre som skal gje dei tilsette eit felles verkty og styrke relasjonskompetansen. Språk og kommunikasjon er eit grunnleggande tema som heile tida må utviklast. Det er trong for opplæring og oppdatering av TRAS i barnehagane på grunn av ny handbok basert på ny forskning. Vidare satsing på digitale verkty knytt til bruk i arbeid med blant anna språk.

Mål for 2016

- Barnehagen legg til rette for at føresette kan delta aktivt i utforminga av tilbodet.
- Barnehagen vurderer og forbetra kontinuerlig sin eigen praksis.
- Barnehagen er god til å integrere minoritetsspråklege barn.
- Dei tilsette har god kompetanse om borna si utvikling, både språkleg og sosialt.

Tiltak i 2016

- Vi nyttar lærande møte som metode på møteplassane våre, både med tilsette og føresette, der forpliktande oppfølging er ein føresetnad.
- Vi analyserer brukarundersøkinga som er gjennomført seint haust 2015 og set inn målretta tiltak i den enkelte barnehage med utgangspunkt i brukarundersøkinga.
- Vi gjennomføre ståstadsanalyse og nyttar den som eitt av grunnlaga for forbetring.
- Vi prøver ut systematisk kollegaretleiing.
- Vi utarbeider handbok for korleis vi tek imot og følg opp born og føresette med minoritetsspråkleg bakgrunn.
- Vi arbeider vidare med DUÅ slik at det vert ein del av kvardagen i barnehagane.
- Vi gjer arbeid med språk og språkopplæring synleg og systematisk ikvardagen.
- Vi gjennomfører kompetanseheving i bruk av TRAS som kvalitetssikring for arbeid med språk.




Økonomisk ramme

Eining	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Barnehage	22 224 999	22 000 000

(Endringane er vist samanliknbare med budsjett 2015. Endringar knytt til omfordeling av FDV er halde utanom)

Vaksdal barnehage har noko mindre utgifter til barnehage enn dei vi har samanlikna oss med. Ut frå objektive utgiftsbehov sett av SSB, der kriteria er barn 2-5 år, barn 1 år utan kontantstøtte og utdanningsnivå, ligg Vaksdal sitt behov om lag 15 % under landssnittet. I 2014 var utgiftene til barnehage i Vaksdal 14, 5 % under landssnittet.



Endringar/tilpassingar i drifta som er påkrevd ut frå budsjettramma:

- Vidareføra ordninga med ein barnehage ope om sommaren
- Alle med rett til plass ved opptak haust 2016 får plass i barnehagen, andre born får plass ved ledig kapasitet
- Ved opptak til nytt barnehageår vert fordeling av born mellom barnehagane gjort ut frå full utnytting av kapasitet på den enkelte avdeling

Skule



Skulane i Vaksdal har som visjon:

«Me er blant dei beste på samarbeid mellom skule, heim og lokalsamfunn. I skulen vår vert alle sett og verdsett, derfor har vi eit godt læringsmiljø med gode faglege resultat. Skulen er trygg, inkluderande, aktiv, kreativ og nytenkjande».


Hausten 2015 er det tilsett 66,79 årsverk i eininga og det er 484 barn totalt på dei fem skulane våre. Vi har òg 19 elevar frå Vaksdal som har skuleplass ved Mo skule i Modalen.

Hausten 2016 startar det 43 born på 1. årssteg i skulane i Vaksdal. Alle desse elevane startar på skule på Dale, Vaksdal og Stanghelle. På ungdomssteg startar det 41 elevar, medan 64 elevar avsluttar grunnskulen og startar på vidaregåande skule.

Skuleåret 2016/2017

Årssteg	DBU	Vaksdal	Stanghelle	Stamnes	Eksingedalen	Modalen	Samla
1.	14	12	17	0	0	0	43
8.	36	0	0	0	3	2	41
VG1	59	0	0	0	2	3	64

Dei siste åra har skulane i Vaksdal arbeida for å redusera tal elevar som får spesialundervisning til fordel for betra tilpassa opplæring med godt læringsmiljø. Det har vore gjort eit systematisk arbeid på alle skulane i tett samarbeid og oppfølging av PPT. System for ressursteam og PALS har vore gode verkty i arbeidet. Resultata ser vi ved at elevar med spesialundervisning er redusert til 10,3 % i 2014, ein reduksjon på med om lag 7 % poeng dei siste åra, og vi nærmar oss landsgjennomsnittet på 8 %. Samstundes nyttar om lag same timetal, prosentvis, i forhold til landsgjennomsnittet.



Alle skulane i Vaksdal har starta arbeid med PALS (Positiv-Adferd-støttande Læringsmiljø og Samhandling) Skulane er òg i gong med den nasjonale satsinga vurdering for læring. I tillegg er Eksingedalen skule og Dale barne- og ungdomsskule starta arbeidet med den nasjonale satsinga for ungdomstrinn, skulebasert kompetanseutvikling (SKU). Alle satsingane er basert på forskning og i tråd med nasjonale føringar og vil verta vidareført i 2016.



Mål for 2016

- Føresette vert involvert og skulen legg til rette for at dei kan bidra aktivt i utviklinga av eige barn og skulekvardagen
- Elevane skal ha opplæring i eit trygt og godt læringsmiljø
- Elevane skal kjenna til måla opplæringa og kva som vert lagt vekt på i vurderinga av elevane sin kompetanse
- Skulen vurderer og forbetra kontinuerlig sin eigen praksis
- Skulen er god til å integrera fleispråklege barn og unge



Tiltak i 2016


- Vi nyttar lærande møte som metode på møteplassane våre, både med tilsette og føresette, der forplikande oppfølging er ein føresetnad
- Vi analyserer brukarundersøkinga som er gjennomført seint haust 2015 og set inn målretta tiltak på den enkelte skule med utgangspunkt i brukarundersøkinga
- Vi prøver ut systematisk kollegarettleing
- Vi utarbeider handbok for korleis vi tek imot og følg opp born og føresette med fleispråkleg bakgrunn.
- Vi arbeider vidare med PALS slik at det vert ein del av kvardagen i skulane
- Skulane utarbeider lokale læreplanar for elevane sine kompetansemål
- Vi arbeider systematisk med vurdering for læring

Økonomisk ramme

Eining	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Skule	50 100 002	46 900 000

(Endringane er vist samanliknbare med budsjett 2015. Endringar knytt til omfordeling av FDV er halde utanom)

Kostnadsnivået for skule pr. 2014 ligg litt under kommunegruppe 3, men høgare enn fylket og landet. Denne kostnaden inkluderer SFO, skyss og skulelokale. I 2014 nytta grunnskule 20,9 % av netto driftsutgifter til kommunen. Reduksjonen frå tidlegare år er i stor grad gjennomført ved å redusere tal undervisningstimar.




Endringar/tilpassingar i drifta som er påkravd ut frå budsjettramma:

- Redusera gruppedeling i praktisk-estetiske fag og valfag på ungdomstrinnet. Faga musikk, kunst- og handverk, mat og helse og valfag vert mindre praktiske
- Reduksjon i spesialundervisning og gruppedeling i forhold til ny mindre klasse på ungdomssteget
- Deling av årsblanda elevgrupper på barnetrinnet vert gjort i særskilt liten grad
- Setja i verk ev. endringar og tiltak med bakgrunn i vedtaket om skulestruktur når det ligg føre

Helse og omsorg

Tenesteområde helse og omsorg omfattar dei tre einingane Heimetenesta, Sjukeheimstenesta og Folkehelse og familie. Tenesteområdet utfører tenester i heile skalaen for tenesteyting og femner om alle alders- og diagnosegrupper frå førebyggjande tiltak til bistand og helsehjelp. Målsetnaden er at den enkelte i størst mogeleg grad kan nytta egne ressursar og meistra eige liv.

I økonomiplanperioden er det ei klar målsetning om å vri tenestene over mot meir helsefremjande, førebyggjande og rehabiliterande tiltak, d.v.s. nedover i omsorgstrappa. Det er i samsvar med med det utfordringsbiletet me ser, strategiane i kommunedelplan helse og omsorg og sentrale føringar.



Styringsdata fortel oss at sjølv om me har starta prosessen med å endra og effektivisera tenestene, har me framleis eit forbettringspotensiale. Kostra og Kommunebarmeteret viser at me bør få meir tenester/kvalitet ut av dei ressursar som vert brukte, og nokre område peikar seg klart ut i høve forbettringspotensiale. Desse vil få fokus og vert følgde opp som mål for 2016: brukarundersøking på alle einingar, styrka kompetansenivå, utarbeida plan for barn i barnevernet og redusera tal mottakarar av økonomisk sosialhjelp. I tillegg vert rapporteringar og registreringar gått gjennom for å retta opp i rapporteringsfeil.

Tal sjukeheimplassar og tal mottakarar av heimeteneste har vorte redusert dei/det siste året, men me har framleis fleire mottakarar av heimetenester og ein større del av brukarane på institusjonsplass enn samanliknbare kommunar (sjå statistikk under tenesteområda). I denne statistikken vil me finna brukarar som kan meistra meir sjølvve når det vert tilrettelagt for dei, og her er det også potensiale for betre ressursutnytting.

I 2016 startar hovudprosjektperioden for det treårige prosjektet «Lev Vel i Vaksdal – Meistring og deltaking heile livet». Prosjektet er politisk forankra gjennom økonomiplanen og har som mål å fremma aktivitet, meistring og deltaking hjå brukarar og effektivisera tenestene gjennom innovasjon og bruk av moderne teknologi. Prosjektet har fokus på to konkrete satsingsområde: oppretting av ressurscenter for personar med demens på/ved Vaksdal sjukeheim og etablering av Helsehus med satsing på førebygging, tilrettelegging og rehabilitering på Daletunet. Forskarar frå Senter for omsorgsforskning Vest og Senter for nyskaping deltek i prosjektet i tillegg til IKT Nord Hordaland og eksterne samarbeidspartar.

Mål for 2016

- Alle einingar skal gjennomføra brukarundersøking
- Pårørandemøte skal innførast som fast rutine for heimetenesta og sjukeheimstenesta
Gjennomføring av fase 1 i prosjekt «Lev Vel i Vaksdal- Meistring og deltaking heile livet» i samarbeid med brukarar, forskarar og andre samarbeidspartar
- Innfasing av hovudbygg med nye tenester på Vaksdal ressurscenter for demens
- Oppstart av gradvis innfasing av brukarlab. på Helsehuset på Daletunet
- Kompetanseoppbygging i tråd med kompetanseplan for å heva kompetansenivå

Økonomisk ramme

	Budsjett 2015	Budsjett 2016
Tenesteområde helse og omsorg	127 015 000	122 000 000
Felleskostnader/Samhandl.reforma	3 000 000	3 000 000
Heimetenesta	52 000 000	49 500 000
Sjukeheimstenesta	48 015 000	46 000 000
Folkehelse og familie	24 000 000	23 500 000

(Endringane er vist samanliknbare med budsjett 2015. Endringar knytt til omfordeling av FDV er halde utanom)

Føresetnader for reduksjon i ramma frå 2015 til 2016:

- Effektivisering og tilpassing av drift til økonomiske rammer og endra behov
- Styrking og utvikling av dei nederste trinna i omsorgstrappa
- Tilpassing av sjukeheimstilbodet til endra behov
- Etablering av tenester og bruk av førebyggjande og rehabiliterande metodar som kan fremja meistring og redusera trong for helsehjelp og sjukeheims plassar, m.a. kvardagsrehabilitering, bruk av velferdsteknologi, bruk av tryggleiksrom, sjukepleiar heile døgnet i heimetenesta
- Vidareføring av iverksette tiltak og fortsatt effektivisering i heimetenesta
- Fleire personar over i utdanning og jobb


Heimetenesta

Heimetenesta gjev tenester til brukarar i alle aldrar med ulike hjelpebehov. Hovudmålsettinga er at den enkelte brukar skal kunne leva og bu sjølvstendig i eigen heim lengst mogleg.




Heimetenesta er delt opp i to ulike avdelingar, alle lokalisert på Dale. Heimebasert omsorg består av heimesjukepleie, praktisk bistand og dagsenter for heimebuande eldre. Den andre avdelinga er bufellesskap for utviklingshemma. Ein arbeider for at avdelingane skal samarbeide godt for å kunne bruke ressursane mest mogleg effektivt.

Samanlikna med andre har ein gitt lite tenester til mange brukarar, og ein stor del av brukarane har vore over 80 år. I åra framover kjem gruppa over 80 år til å bli redusert og ein ser at det fører til endringar i tenestutøvinga, og ein må endre måten ein arbeider på.



I aldersgruppene under 80 år har brukarane meir omfattande hjelpebehov. Ressursane må derfor framover brukast til å bidra til at denne gruppa kan bu lengst mogeleg heime og leva mest mogeleg sjølvstendige liv. Det betyr at eininga må driva med meir førebyggjande arbeid, driva rettleiing og opplæring, blant anna i bruk av tekniske og teknologiske hjelpemiddel.



Mål for 2016

- Tilby kvardagsrehabilitering som ei eiga teneste
- Avhalde pårørandemøte i heimesjukepleien
- Få heildøgns sjukepleiedekning i Heimetenesta
- Delta i prosjektet «Lev Vel i Vaksdal - meistring og deltaking heile livet» og nytta dei mogelegheiter som opnar seg ved bruk av moderne velferdsteknologi



Økonomisk ramme

Budsjett 2015	Budsjett 2016
51 945 135	49 500 000

(Endringane er vist samanliknbare med budsjett 2015. Endringar knytt til omfordeling av FDV er halde utanom)

Reduksjon i ramma frå 2015 til 2016 fører til følgjande tiltak:


- Effektivisering i drift i bufellesskap som følgje av endring i arbeidsmetodar og gruppering av bebuarar.
- Vidareføring av tiltak som mogeleggjjer effektivisering i heimebasert omsorg, t.d kvardagsrehabilitering
- I løpet av 2016 vil ein flytta sjukepleieressurs frå dagtid til natt for å få heildøgns sjukepleiedekning i Heimetenesta, slik at brukarar med spesielle behov kan få bu heime. Tiltaket skal ikkje gi auka kostnader.

Sjukeheimstenesta

Sjukeheimstenesta driftar 2 institusjonar, Daletunet Omsorgssenter og Vaksdal Sjukeheim, totalt 60 sjukeheimplassar pr. oktober 2015. Av desse er 14 korttidsplassar og 16 plassar på skjerma eining for personar med demens. Ei sjukeheimsgruppe på Vaksdal sjukeheim er leigt ut til Samnanger kommune fram til våren 2016.



Samanlikna med andre utgjør sjukeheimane ein større del av det totale tenestebiletet innan pleie og omsorg i Vaksdal kommune (sjå figur). Talet på innbyggjarar over 80 år går ned i åra framover. Den naturlege konsekvens er då ei justering av talet på sjukeheimplassar. Faglege og økonomiske omsyn tilseier ei dreining frå institusjonsbasert omsorg mot heimebasert. Denne dreinga er starta og vil holda fram i 2016.



Mål for 2016

- Delta i prosjektet «Lev Vel i Vaksdal -Meistring og deltaking heile livet» jamfør framdriftsplan
- Starta etablering av Helsehus knytt til Daletunet Omsorgssenter, oppstart av brukarlab
- Igangsetja prosessar for oppretting av ressurscenter for demens ved Vaksdal sjukeheim
- Kompetanseheving i tråd med kompetanseplan



Økonomisk ramme

Budsjett 2015	Budsjett 2016
48 015 000	46 000 000

(Endringane er vist samanliknbare med budsjett 2015. Endringar knytt til omfordeling av FDV er halde utanom)

Reduksjon i ramma frå 2015 til 2016 fører til følgjande tiltak:

- Flytting av dementgruppe frå Dale til Vaksdal vårhalvåret 2016
- Plassering/gruppering av sjukeheimplassar for å få mest mogeleg effektiv drift og god ressursutnytting
- Tilpassing av tenestetilbodet til endra behov og rammevilkår og meir fleksibel bruk av plassane
- God utnytting av korttidsplassar med fokus på trening/rehabilitering for å kunne utskrivast til heim/lågare omsorgsnivå


Folkehelse og familie

Folkehelse og familie går i 2016 inn i sitt tredje år som felles eining for Nav, rus -og psykiatri, helsestasjonen og skulehelsetenesta, legekontoret, ergoterapi/fysioterapi, barnevern og flyktningetenesta. Fleire av dei utfordringane me møtte i 2014 og utover i 2015, er no avklara, og gjennom meir systematisk samarbeid på tvers av avdelingar og fagområde er me på god veg til å oppnå effekten ein forventa ved å samla tenestene under eit tenesteområde. Samarbeidet er ein del av internrutinen til kvart ansvarsområde.

Gjennom deltaking i læringsnettverket «Gode pasientforløp» i regi av KS har me fått gode innspel på korleis me kan bistå pasientar/brukarar i å meistra eige liv, og korleis tilsette kan jobba meir effektivt og målretta for å oppnå beste resultat. Når det gjeld busetting av flyktningar, følgjer me det til ei kvar tid gjeldande vedtak. Frå 2009 har me hatt samanhengande busetting på vedtak, og det er også målsetting for 2016.

Folkehelse og familie har som motto at «*Me skal leggja til rette for, og bidra til, at folk i Vaksdal kommune får best mogleg livskvalitet*». Det gjer me ved å ha eit godt pasient/brukarforløp der den einskilde er ansvarleg for eige liv, og der eigenmeistring står i fokus. Fleire av dei tilsette i Folkehelse og familie har teke kursrekkja i helsepedagogikk og kjem attende med gode tilbakemeldingar. Målet er at alle aktuelle tilsette i tenesta skal gjennomgå kursrekkja. Førebyggjande arbeid retta mot born og unge er fortsatt eit viktig satsingsområde for Folkehelse og familie i 2016. Tenestene jobbar målretta for å hjelpa barn og unge til å sjå sine ressursar og moglegheiter.

Sidan hausten 2013 har Vaksdal kommune sett ei auke i sosialhjelpsmottakarar, ikkje ulikt landet elles. Ein av fire mottakarar går totalt meir enn seks månadar på stønad. Når arbeidsmarknaden strammar seg til, og fleire vert arbeidslause, merkast dette også i Vaksdal. Vaksdal kommune låg i 2014 på snitt med resten av fylket og kommunegruppe tre. I 2016 er det meir naturleg å sjå til kommunegruppe to som har hatt lågare netto driftsutgifter enn kommunegruppe tre.



Skal kommunen komma denne utfordringa i møte, må ein blant anna sjå på drifta i si heilhet. AO-senteret kan vera ein aktiv og nyskapande premissleverandør om ein vrir deler av tenesta meir mot førebyggjande arbeid for unge i yrkesaktiv alder og personar som treng ekstra bistand i ein kort periode før dei returnerar til arbeid.

Mål for 2016:

- Heile tenesta skal nytta godt pasientforløp som mal for det arbeidet som blir gjort
- Me skal gjennomføre brukarundersøking i barnevernstenesta og rus- og psykiatritenesta
- Barn i barnevernet skal ha utarbeida plan
- Inngå konkret og forpliktande samarbeid med blant anna Røde Kors og Frivillegheitsentralen
- Minst 55% av dei som deltek i introduksjonsprogrammet, går over i jobb eller ordinær utdanning etter at programmet er avslutta

Økonomisk ramme

Budsjett 2015	Budsjett 2016
24 000 000	23 500 000

(Endringane er vist samanliknbare med budsjett 2015. Endringar knytt til omfordeling av FDV er halde utanom)

For 2016 har Folkehelse og familie eit noko mindre budsjett enn i 2015 det medfører at me må:

- Ha tydeleg økonomiforståing i alle ledd
- Ha tydeleg fokus på korleis tenestene jobbar og evna å endre drifta når det er naudsynt. Her vil me sjå på effektivisering av tenesta for å tilpassa drifta etter den gjeldande økonomiske ramma. Tilsette må jobba meir på tvers av avdelingar/fagområde
- Til det fulle nytta teknologiske verktøy slik at tilsette får ein meir effektiv kvardag. Samstundes nytta velferdsteknologi på ein slik måte at brukaren opplever eigenmeistring i kvardagen og kan verta meir sjølvstendig
- Meir systematisk fokus på kvardagsrehabilitering

Samfunnsutvikling

Folketalsauke er ei hovudmålsetjing for kommunen og ligg til grunn for arbeidet med bustadutvikling, næringsutvikling og tenesteutvikling i kommunen fram mot 2040.

Viktige prosessar som vil ha verknad for samfunnsutviklinga er mellom anna

- Dobbeltspor Arna – Voss samt utvikling av Arna som regionalt senter for vår region
- KVV Arna – Voss, ny veg og bane på strekninga. Planfase for Nasjonal transportplan 2018 – 2027.
- Rullering av kommuneplanen med samfunnsdel og arealdel, kommunedelplanar
- Kommunestruktur
- Logistikkøysing for Bergensområdet



«Bynært bygdeliv» i kommunen sin profil handlar også om verdiar, kultur og identitet som vi ønskjer å bygge vår utvikling på og skape vårt omdømme kring. Dette utfordrar oss til å tenkje nytt og utvikle oss for å skape attraktive lokalmiljø med moderne infrastruktur og eit tilpassa tenestetilbod.

God samfunnsutvikling blir skapt gjennom samspel mellom innbyggjarar , næringsliv, det offentlege og organisasjonslivet i kommunen. Det blomstrande og mangfaldige kulturlivet i kommunen er eit eksempel på nettopp det. Togsamband og stamveg gjennom kommunen er andre. Gjennom å synleggjere og vidareutvikle våre fortrinn kan vi auke vår attraktivitet for å skape folkevekst og bulyst her i randsona til byen.

Vi vil fortsette å følgje opp forvaltningsrevisjonen med å dokumentere tilstand på kommunale bygg:

1. Bygg for oppvekst (mai 2015)
2. Sjukeheimar med omsorgsbustader (2. halvår 2015)
3. Kulturbygg (1. halvår 2016)
4. Utleigebustader (1. halvår 2016)
5. Administrasjonsbygg (2. halvår 2016)

Tilstandsregistrering for skulebygg synar eit etterslep vedlikehald på 255 millionar kroner dei neste 5 år. På bakgrunn av tilstandsregistreringa er det utarbeidd framlegg til Strategi for eigedomsforvaltning: «Frå forfall til fornying». Strategien vert lagt ved som vedlegg. Det er ein målsetnad å fastsetje endeleg strategi for eigedomsforvaltning når alle bygga er tilstandsregistrert, i samband med økonomiplan 2017 – 2020. Det er stor uvisse i framtidige inntekter for kommunen, men alle prognosar er tydeleg på at driftsinntektene vil bli redusert i åra som kjem. Vi må difor prioritere og syte for at investeringane våre i infrastruktur gir oss lågare driftsutgifter. Vi må setje av tilstrekkeleg midlar til at vi kan vedlikehalde vår bygg og anlegg. Berre på den måten kan vi oppretthalde og vidareutvikle eit godt tenestetilbod.

Rådmann legg til grunn aktiv deltaking i viktige prosessar som påverkar vår utvikling i framtida. I planperioden er det viktig å skape handlingrom for utvikling. Viktige tiltak i perioden:

- Bidra til at kommunen er god og bu i ved å levere gode tenester og god særvis.
- Skaffe oversikt over kommunale eigedomar og anlegg og vurdere tilstand og framtidig bruk, det vil seie oppgradering, avhending og/eller endra bruk.
- Aktiv deltaking i viktige eksterne planprosessar.
- Realisere potensiale for bustadutvikling i perioden og legge tilrette for utbygging på Stanghelle vest med akseptabel økonomisk risiko for kommunen.
- Gjennomføre utbygging av nytt vassverk Vaksdal og tiltak knytt til avlaup.

Beredskap

Overordna Risiko og sårbarheitsanalyse og ny beredskapsplan er ferdigstilt i 2015. Kompetanseheving og trening av personell saman med øvingar står i fokus i åra som kjem.

Samfunnsutvikling

Eininga samlar ulike fagmiljø som saman er viktige for folkevekst, næringsutvikling/ entreprenørskap, omdømme og identitet.

Spennet i kompetanse og arbeidsoppgåver innan eininga er stort, og ein ønskjer å utnytte dette gjennom å utvikle eit godt samarbeid internt. Gjennom heilskapleg og medveten tilnærming freistar vi å utvikle samfunnet i ønska retning gjennom omdømme, identitet og gode tenester.



Nokre av fokusområda våre for 2016 vil vere å


- leggje grunnlag for ein berekraftig eigedomsforvaltning,
- gje våre kundar god service og gode tenester ved å gjennomføre minst to årlege brukarundersøkingar. I 2016 skal vi gjennomføre undersøking for vatn og avløp samt byggjesak,
- dokumentere tilstand for kommunale vegar,
- førebyggje brannar og trafikkulykker,
- nærmiljøtiltak og møteplassar i tettstadene,
- delta aktivt i prosessar for samferdselstiltak på veg og bane,
- realisering av bustadutbygging Stanghelle vest – Tettanaset,
- utbetring av Vaksdal vassverk,
- utarbeide planstrategi for 2015 – 2019 samt fullføre kommuneplan.

Kultur og idrett

Gode kultur-, idrett- og fritidstilbod er viktig for at det skal vere godt å leva å bu her. Kommunen har eit mangfald av lag og organisasjonar som tilbyr ulike kulturtilbod. Godt samspel mellom kommune og frivillige lag og organisasjonar, samt støtte til eldsjelene er viktig. Kulturplanen for Vaksdal kommune for 2016-2019 vil danne grunnlag for prioritering av innsatsen framover.



Samfunnsutvikling forvaltar faste tilskot til lag og organisasjonar. For 2016 føreslår vi å auke denne med 2,2 % til 460 000 kroner.



Vi føreslår ein å leggje om bibliotektilbodet på Vaksdal, for styrke folkebiblioteket som opplever svikt i utlån, mellom anna som følgje av konkurranse frå ulike digitale media


Vedlikehald av kommunale bygg

Som påpeikt i forvaltningsrevisjonen for kommunale bygg må vi bli betre i eigedomsforvaltning og som del i dette vil vi utarbeide ein strategi for eigedomsforvaltning. Denne strategien vil saman med tilstandsregistreringa danne grunnlag for vedlikehaldsplan for kommunale bygg.



Kommunen har eit overskot på bygningsmasse gjennom bygg som ikkje er i bruk, bygg med dårleg arealeffektivitet samt unyttta areal. Dei kommunale bygga har til dels stort etterslep på vedlikehald då vedlikehaldsbudsjettet over tid har vore redusert til eit nivå der vi per i dag er langt unna eit vedlikehald som sikrar verdiane. I investeringsbudsjettet er difor investering til modernisering av eksisterande bygg foreslått auka til 3 millionar kroner årleg frå 2016. Ein må forvente ein vesentleg

opptrapping av driftsutgiftene til vedlikehold av kommunale bygg på grunn av etterslepet på vedlikehold.



Per 1. september 2015 var samla bruksareal for kommunale bygg 52 700 m². Kartlegging av bygg for oppvekst 1. halvår 2015 dokumenterer eit vedlikeholdsetterslep under 10 år på 307 millionar kroner, kor Dale barne og ungdomskule står for 60 % av samla etterslep for oppvekst. Arealvekta tilstand for bygg for oppvekst er 1,9, som vil seie store og kostnadsmessige alvorlege feil og manglar med trong for snarlege tiltak.

Mål for 2016

Område	Mål	Tiltak	Resultatmåling
Arbeidsmiljø	Godt arbeidsmiljø med lågt sjukefråvær	Tydelege mål og verdigrunnlag, medverknad og tilrettelegging	Sjukefråvær på 7 %.
Kommunale bygg	Effektiv og framtidretta bygningsmasse	1. Kartleggje tilstand og arealbehov. 2. Utarbeiding av strategi for eigedomsforvaltning. 3. Utarbeide vedlikeholdsplan for kommunale bygg. 4. Avhending av bygningsmasse. 5. Naudsynt oppgradering av kommunale bygg 6. Auka arealeffektivitet.	Fullføre tilstandsregistrering av kommunale bygg Redusere bygningsmassen med 5 % årleg i perioden 2015 - 2018.
Nærmiljø og møteplassar	Grøntområde skal vedlikeholdast betre. Grøntanlegg og møteplasser i sentrumsområde vert særskilt prioritert.	Opprusting av senterparken på Vaksdal. Opprusting av grønntanlegg ved Stanghelle stasjon.	Synleg resultat og nøgde innbyggjarar.
Brannvern	Drive eit godt førebyggjande arbeid.	Gjennomføre risikobasert tilsyn for brannobjekt. Gjennomføre aksjon bustadbrann og open dag.	Gjennomføre tilsyn i 20 særskilte brannobjekt.
Bibliotek	Ulike tiltak som kan styrke biblioteket som sosial arena.	Forfattartreff, sjakktturneringar, slektsgranskingskurs, skrivekurs.	Gjennomføre 9 forfattartreff. Arrangere sjakktturneringar for barn, ungdom og vaksne.
Kulturskulen	Bremse fråfall av elevar i den kritiske alderen frå barneskule til ungdomsskule.	Mini-omorganisering av undervisningspersonalet og oppretting av motiverande og relevante kulturskuletilbod for elevar i barne- og ungdomsskulealder	Få fungerande grupper med elevar på kvart av dei nye tilboda band og kreativ verkstad

Økonomisk ramme

Budsjett 2015	Budsjett 2016
29 890 000	31 650 000

(Endringane er vist samanliknbare med budsjett 2015. Endringar knytt til omfordeling av FDV er halde utanom)

Ramma er økt med 2 mill til auka vedlikehold kommunale bygg. Det er lagt inn 150 000 ekstra til brann i overgangsmidlar i samband med samarbeidsprosjekt.

Tiltak for å halde budsjetttramma i 2016

- Tiltak for å redusere sjukefråvær og kostnader som følgje av sjukefråvær.
- Omlegging av bibliotektilbod på Vaksdal ved å styrke skulebiblioteket på skulen og leggje ned Folkebiblioteket frå 1. mars 2016.
- Herfindalsvegen vert ikkje brøyt opp til påske.
- Ingen reasfaltering av kommunale vegar.
- Reduksjon av kommunen sitt engasjement under Daledagane.
- Ikkje vask av kommunale klubbhus.
- Auka arealeffektivitet og avhending av kommunale bygg som ikkje er i bruk.

Felles økonomi

Felles økonomi er ein samlepost i budsjettet, for å gje nærare innsyn i kva felleskostnader som er samla under denne posten er dette skildra nærare i budsjettokumentet for 2016..

Politisk og tilskot

Under fellesøkonomi er det budjettert kostnader til drift av politiske utval og ordførar/varaordførar, revisjon, ymse råd, tilskot til Kyrkjeleg Fellestråd, Frivillighetssentral, AO senter mv og andre tilskot.

Budsjett	Budsjett 2016	Budsjett 2015
Politiske utval og råd	3 685 695	3 681 000
Diverse tilskot	6 663 999	6 454 622

I ramma for 2015 er kostnader med valavvikling med, reelt er ramma for 2016 auka med om lag kr 300 000 basert på budsjettframlegg frå revisjonen og forventa auke i andre kostnader.

Drift av Frivillighetssentral er budjettert med kr 670.000,- i brutto drift, dette vert delvis finansiert med statstilskot på kr 310.000,-



Kyrkjeleg fellestråd er budjettert med ei overføring på kr 3.400.000,- noko som tilsvarer prisvekst gitt i Statsbudsjettet. Det er i tillegg budjettert med fordelte utgifter til gravar m.m og fordelte fellesutgifter til eigedomsforvaltning knytt til drift av kyrkja. Tilskot til andre trdomssamfunn er budjettert med kr 160.000,-

Næringssselskapet får overført samme sum som i 2014 – kr 1 mill – som vert dekkja av næringsfondet. Utbytte frå Boge Kraft vert inntektsført i drifta som delvis finansiering med kr 350.000,-

Stimuleringsstilskot til Eksingedalen er budjettert med kr 600.000,-

Tilskot til bustadutbetring er budjettert med kr 300.000,- som vert finansiert med utbetringstilskot frå Husbanken.

Det er budjettert med kr 300.000,- i stimuleringsstilskot til bustadetablering

AO-senteret sitt tilskotsbeløp er kr 1.496.500 og tilsvarer det NAV dekkjer. Det er lagt til grunn ei auke i tilskot tilsvarende 2,7%. AO-senteret ligg under fellesområde helse og omsorg.

Rådmann og stab

Under fellesøkonomi er det budjettert kostnader til rådmannsfunksjonen og rådmanns stab. Felleskostnader for stab og støttefunksjoner er samla her, tenesteområda har ikkje eigne stabar slik det er vanleg i mange kommunar. Kostnader på kommunenivå er lagt inn her.

Budsjett	Budsjett 2016	Budsjett 2015	Budsjett 2013
Rådmann og stab	22 696 356	22 232 305	24 377 172

Kostnadane er redusert etter omorganiseringa i 2014, jf kolonne B2013. Det er reduksjon i tal tilsette og andre effektiviseringsiltak som har medført reduksjon. Andre felleskostnader på kommunenivå har auka t.d kjøp av tenester, lærlingar, datakommunikasjon, programvare og lisensar/årsgebyr.

I budsjettet for 2016 ligg det ytterlegare effektiviseringskrav for administrasjonen mellom anna gjennom LEAN-prosessar og digitalisering.

Agenda Kaupang gjennomførte analyser av administrasjonskostnader i si undersøkning i 2013. Vaksdal kom ut med kostnader litt under gjennomsnittet av kommunar med 3000-5000 innbyggjarar. Kommunen er ikkje tatt med i årets undersøkning, men vi har fått bruke malen Agenda Kaupang bruker for å berekne våre kostnader. Kommunen har litt lavere administrasjonskostnader i 2015, samanlikna med andre ligg vi framleis under snittet. Det er avdekka vesentlege feilføringar på teneste 120 (Administrasjon), særleg gjeld dette i 2014. Administrasjonsundersøkinga viser reelle verdiar, men SSB/Kostra viser feil.

Stabs- og støttefunksjonene er samla i ein sentral stab som rapporter til assisterande rådmann. I gjennomgangen i OU prosjektet i 2013 seier rådmann:

Stabsfunksjonane er naudsynte verkøy for rådmannen, og tek i vare sektorovergripande fagansvar på viktige områder for verksemda på rådmannen sine vegner. Strategisk utvikling av sektorovergripande policy og rutinar, under dette menneska i organisasjonen er i kjerneområdet av dette ansvaret.

Staben har 12,95 stilling fordelt på 9,3 årsverk til interne funksjonar, 3,05 årsverk til eksterne publikumstenester og 0,6 sekretariatsfunksjon politisk.

Staben dekker fagområda økonomi, HR, post/arkiv, løn, kundetorg/informasjon, politisk sekretariat, skatt og andre innbyggertjenester (t.d Bustønad, lån og tilskot Husbanken).



Rådmannsfunksjonen er rådmann, ass.rådmann og to kommunalsjefer, samla 4 leiarstillingar som utgjer rådmanns leiargruppe. Før omorganiseringa i 2014 var det tre leiarstillingar og ein eigen stab med 3 rådgjevarar og sekretær. Kommunalsjef helse og omsorg med eit overordna, strategisk ansvar for tjenesteområdet er nytt, dette var ikkje dekkja i den gamle strukturen.

Hovudtillitsvald og hovudverneombod med 1,3 årsverk er budsjettert under rådmann og stab. Det er budsjettert med 8 lærlingar sentralt under rådmann og stab.

Av andre kostnader under rådmann og stab er dei største postane:

- 4,98 mill. Drift og utvikling av IKT inkl programvare, lisensar og datakommunikasjon (nett). Kostnader til drift er stabil, men kostnader til fiberlinjer er sterkt aukande (1,4 mill årleg) pga. mange bygg og aukande krav. Programvare og lisensar aukar også.
- 0,83 mill. Kjøp av/samarbeid om tenester til erstatning for egen t.d kapitalforvaltning (BCM), innkjøpssamarbeid (Bergen), arbeidsgjevarkontroll (Bergen), interkommunalt arkiv (IKAH)
- 1,2 mill til AFP pensjonar, seniorbonus og forsikringar
- 1,35 mill til kjøp av juridiske eller andre konsulenttenester, medlemskap KS, LVK, BOF m. fl.. kompetanse- og velferdstiltak organisasjon
- Ca 0,8 mill felleskostnader til bedriftshelseteneste, telefoni, annonsar, frankering, renter og gebyr bank, abonnement/årsgebyr personal

Konsesjonskraft

Kostnader og inntekter frå sal av konsesjonskraft vert budsjettert og ført under fellesområde økonomi.

Vedlegg 2. Kostra

Alle kommunar er pålagt å føre rekneskapen etter KOSTRA-standard. KOSTRA (Kommune-Stat RAPportering) er eit nasjonalt informasjonssystem som gir styringsinformasjon til kommunal verksemd. Informasjon om kommunale tenester og bruk av ressursar på ulike tenesteområde vert samanstilt for å gje relevant informasjon til beslutningtakarar, både lokalt og nasjonalt. Informasjon kan nyttast til analyse, planlegging og styring og til vurdering om mål vert oppnådd. KOSTRA gjer os moglegeheit til å samanlikna kommunen med andre kommunar og å sjå utvikling over tid.

Vi vel å samanlikne mot både Kommunegruppe 2 og 3.

Gr. 2	Små kommuner med middels bundne kostnader per innbygger, middels frie disponible inntekter
Gr. 3	Små kommuner med middels bundne kostnader per innbygger, høye frie disponible inntekter

Tabellane er utvalde rapporter frå SSB

Finansielle nøkkeltal

	Vaksdal 2011	Vaksdal 2012	Vaksdal 2013	Vaksdal 2014	KG 2 2014	KG 3 2014	Hordaland 2014	Landet u/Oslo 2014
Finansielle nøkkeltal								
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,1	2,3	6,8	-0,2	0,2	1,4	0	0,4
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,9	4,7	9,8	2	0,4	1,6	1,2	1
Frie inntekter i kroner per innbygger	49 037	53 610	55 549	57 273	55 528	56 740	47 761	48 610
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	184,3	170,3	176,2	198,5	220,1	228	203,7	210,6
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	26,3	29,4	25,5	28,7	9,3	16,5	7	14,3
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	41 154	37 508	41 251	47 859	59 093	71 503	47 514	50 139

Vaksdal kommune har generelt gode finansielle nøkkeltal. Kommunen har høge inntekter samanlikna med andre, og tilsvarende høgare driftsutgifter. Lånegjelda er relativt lav, men aukande.

Utgift pr innbyggjar

	Vaksdal 2011	Vaksdal 2012	Vaksdal 2013	Vaksdal 2014	KG 2 2014	KG 3 2014	Hordaland 2014	Landet u/Oslo 2014
Prioritering								
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	86 102	87 058	90 858	110 629	128 189	137 297	130 055	128 579
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år	114 049	122 543	124 923	121 706	118 131	130 137	100 993	101 210
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	3 508	3 550	3 635	3 698	3 197	3 815	2 158	2 317
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	26 354	26 826	29 251	29 681	20 408	22 037	16 240	16 409
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	1 422	1 580	1 558	1 978	2 384	2 558	3 269	3 137
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	4 564	4 769	4 843	4 662	9 024	9 671	7 747	7 986
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	6 248	6 220	6 529	7 818	6 406	7 593	3 756	4 219

Her peikar Vaksdal kommune seg ut ved å ha relativt låge utgifter til barnehager og relativt høgare utgifter innafor pleie- og omsorgstenesta. Høge utgifter innafor pleie- og omsorgsektoren har samanheng med at det er mange eldre i kommunen. Det er også lave utgifter knytt til barneverntenesta

Dekningsgrader

	Vaksdal 2011	Vaksdal 2012	Vaksdal 2013	Vaksdal 2014	KG 2 2014	KG 3 2014	Hordaland 2014	Landet u/Oslo 2014
Dekningsgrad								
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	82,3	82,9	82	87,3	90,2	91	91,1	90,9
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	17,2	16,7	17,4	10,3	9,1	10,5	7,7	8,1
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	9,7	10,8	10,7	10,8	12,7	13,7	9,7	10,4
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	8,7	8,7	8,7	8,7	10,3	10,3	8,5	9
Andel mottakere av hjemmetjenester over 67 år	79,1
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100	100	100	100	96,6	91,1	93,8	94,8
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	16,3	16,2	13,9	16	14,3	15,8	14,5	13,4
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggjerne 20-66 år	4	3,6	4	3,9	:	:	:	3,9
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	5,9	5,9	4,6	5,2	:	:	:	4,8
Syssel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	12	:	2	2	163	220	41	53
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	32	34	27	29	25	29	19	21
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere	0,39	0,19	0,19	0,24	0,76	0,73

Dekningsgraden viser kor stor del av målgruppene som får denne teneste, og korleis kommunen er dekkja innafor ulike tenester.

Produktivitet

Produktivitet/enhetskostnader	Vaksdal 2011	Vaksdal 2012	Vaksdal 2013	Vaksdal 2014	KG 2 2014	KG 3 2014	Hordaland 2014	Landet u/Oslo 2014
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	123 284	121 637	132 225	146 249	171 816	181 391	185 526	173 675
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev	119 003	121 540	127 244	122 813	118 016	131 412	105 364	103 633
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.årstrinn	13,9	12,3	13,4	13,2	12,8	11,5	14,9	14,3
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner)	195 786	199 263	205 748	229 638	222 042	224 693	260 960	239 657
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	945 557	898 027	914 662	867 257	989 189	1 057 232	994 317	1 028 644
Årsgebyr for vannforsyning (gjelder rapporteringsåret+1)	2 778	2 778	2 778	2 778	3 818	3 542	3 777	3 317
Årsgebyr for avløpstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	2 036	2 036	2 239	2 402	4 125	3 637	3 168	3 655
Årsgebyr for avfallstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	1 768	1 840	1 520	1 835	2 459	2 860	2 354	2 645
Gjennomsnittlig saksbeh.tid for private forslag til detaljreg. Kalenderdager	90	70	260	244
Gj.snittlig saksbehandlingstid for opprettelse av grunneiendom. Kalenderdager	231	68	..	54	46	57
Bto. dr.utgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	80 494	86 057	83 000	96 455	72 479	81 984	145 952	120 955
Lovanvendelse								
Andel søknader om motorferdsel i utmark innvilget.	100	100	..	100	96	96	96	96
Andel innvilgede disp.søknader for nybygg i 100-m-beltet langs sjø. Prosent	100	100	86	85
Lovanvendelse								
Andel søknader om motorferdsel i utmark innvilget.	100	100	..	100	96	96		
Andel innvilgede disp.søknader for nybygg i 100-m-beltet langs sjø. Prosent	100	100		

Produktivitet viser kostnad pr eining, og viser kor effektivt kommunen driv sine tenester.

Vedlegg 3: Kriteriedata Vaksdal kommune

Kriterium	Vekt	
<u>Innbyggere 0-1 år</u>	0,0055	0,9769 ♀
<u>Innbyggere 2-5 år</u>	0,1268	0,8777 ♀
<u>Innbyggere 6-15 år</u>	0,288	0,9769 ♀
<u>Innbyggere 16-22 år</u>	0,021	♂ 1,0095
<u>Innbyggere 23-66 år</u>	0,0938	0,9178 ♀
<u>Innbyggere 67-79 år</u>	0,0453	♂ 1,2070
<u>Innbyggere 80-89 år</u>	0,0693	♂♂♂ 1,6742
<u>Innbyggere 90 år og over</u>	0,0464	♂♂♂ 2,4733
<u>Landbrukskriterium</u>	0,0029	♂♂ 1,4367
<u>Reiseavstand til nærmeste sonesenter</u>	0,0132	♂♂♂ 3,7780
<u>Reiseavstand til nærmeste nabokrets</u>	0,0132	♂♂ 1,5452
<u>Basiskriterium</u>	0,0226	♂♂♂ 2,9631
<u>Innvandrere 6-15 år</u>	0,0083	0,7871 ♀
<u>Norskfødte med innvandrerforeldre 6-15 år</u>	0,0009	0,0588 ♀♂♂
<u>Dødelighet</u>	0,046	0,9716 ♀
<u>Barn 0-15 år med enslig forsørger</u>	0,0115	0,7687 ♀
<u>Fattige</u>	0,0062	0,7424 ♀
<u>Uføre 18-49 år</u>	0,0046	♂ 1,0997
<u>Flyktninger uten integreringstilskudd</u>	0,0047	0,1890 ♀♂♂
<u>Opphopningsindeks</u>	0,0139	0,3244 ♀♂♂
<u>Urbanitetskriterium</u>	0,0177	0,6143 ♀♂
<u>Psykisk utviklingshemmede 16 år og over</u>	0,0461	♂ 1,2980
<u>Ikke-gifte 67 år og over</u>	0,0437	♂♂ 1,5369
<u>Barn 1 år uten kontantstøtte</u>	0,0296	0,8414 ♀
<u>Innbyggere med høyere utdanning</u>	0,0188	0,6458 ♀♂